

Erfaringar med tiltak for førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn i ungdomsskulen

Hilde Slåtten
Ingrid Holsen
Norman Anderssen
Daniel Jensen

HEMIL – RAPPORT NR. 1 - 2012

ISBN 978-82-7669-130-6 (trykt)
ISBN 978-82-7669-131-3 (pdf)

HEMIL-SENTERET, UNIVERSITETET I BERGEN

INNHALD

INNHALD	2
FØREORD	3
SAMANDRAG	4
KUNNSKAPSOVERSIKT	6
<i>Homonegative skjellsord i norske skular</i>	6
<i>Homonegative skjellsord i skjeringspunktet mellom spøk og trakassering</i>	6
<i>Homonegative skjellsord som verktøy for å etablere mannleg identitet?</i>	7
<i>Homonegative skjellsord er negativt forankra og har truleg negative konsekvensar</i>	8
<i>Homonegative skjellsord er truleg negativt for homofile og lesbiske</i>	9
<i>Horerelaterte skjellsord i norske skular</i>	10
<i>Horerelaterte skjellsord i skjeringspunktet mellom spøk og trakassering</i>	10
<i>Horerelaterte skjellsord som verktøy for å etablere ein «passande» kvinneleg identitet?</i>	12
<i>Lokale variasjonar i bruken og forståinga av homonegative og horerelaterte skjellsord blant ungdom</i>	13
<i>Førebygging og handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord</i>	14
<i>Kva forskinga seier om effekten av skuleintervensjonar</i>	15
<i>Tidlegare utarbeiding og utprøving av tiltaka</i>	16
INTERVENSJONSSTUDIEN	19
Måla for intervensjonen	19
Metode.....	21
Deltakarar	21
Design.....	23
Kartleggingsverktøy	25
Prosedyre	25
Etikk	29
Atterhald om generalisering	29
Resultat	31
Grunnlagsmålinga	32
Effekten av tiltaka for førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn ...	41
Diskusjon.....	45
INTERVJU MED REKTORANE.....	50
Mål	50
Rekruttering.....	50
Resultat	50
KONKLUSJON	55
REFERANSAR	57
VEDLEGG	61

FØREORD

Den føreliggjande rapporten er ei evaluering av tiltaka som vart presenterte i lærarrettleiinga: *”Nei til ”Homo!” og ”Hore!” i ungdomsskulen”* om førebygging og handtering av kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering (Slåtten, Anderssen & Holsen, 2009). Lærarrettleiinga er lagt ved som vedlegg 1.

Me vil rette ein stor takk til lærarane og rektorane ved dei 14 ungdomsskulane i Hordaland, Oslo og Akershus som tok del i undersøkinga. Vidare vil me takke Thea Erbe Thomassen, Lisa Bradley og Tor Andreas Bremnes frå Skeiv Ungdom Bergen og Line Halvorsrud, Lars Kristian Stensrud, Tom Helge Rasmussen og Thomas Fjerestad frå Skeiv Ungdom Oslo/ Akershus for det gode arbeidet dei har gjort med å presentere tiltaka for intervensjonsskulane.

Me vil òg takke Utdanningsdirektoratet som har finansiert undersøkinga.

Bergen, 20. april 2012

Hilde Slåtten

Ingrid Holsen

Norman Anderssen

Daniel Jensen

SAMANDRAG

Rapporten byrjar med å gje ei oversikt over eksisterande kunnskap på områda relatert til bruken av homo- og horerelaterte skjellsord. Denne delen inkluderer blant anna studiar som ser på førekomstar, konsekvensar og moglege årsaker til at ungdom brukar denne type skjellsord .

Målet med intervensjonsstudien var å evaluere lærarane og rektorane sine erfaringar med tiltaka frå lærarrettleiinga: ”*Nei til ”Homo!” og ”Hore!” i ungdomsskulen*” (Slåtten, Anderssen & Holsen, 2009).

Tiltaka som vart evaluerte i den føreliggjande rapporten hadde følgjande målsettingar:

- *At lærarane stiller seg positive til å etablere ein policy om nulltoleranse mot bruken av homo- og horerelaterte kallenamn, samt retningslinjer for korleis lærarane skal handtere bruken av desse typane skjellsord.*
- *At lærarane skal rapportere at dei har betre kompetanse i å slå ned på bruken av homo- og horerelaterte kallenamn, samt at dei kjenner seg betre i stand til å forklare elevane kvifor denne type språkbruk er uakseptabel.*
- *At lærarane i klassen skal ta opp tema som kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting, seksuell trakassering, bruken av homo- og horerelaterte kallenamn, samt konsekvensane av å kalle nokon disse kallenamna.*
- *At lærarane grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev homo- eller horerelatert kallenamn.*

Totalt 17 ungdomsskular frå Hordaland, Oslo og Akershus sa ja til å delta i intervensjonsstudien. Lærarane frå intervensjonsskulane vart presentert for ei lærarrettleiing om førebygging og handtering av homo- og horerelaterte skjellsord, og vart vidare oppfordra til å implementere tiltaka dei vart introduserte for ved dei enkelte skulane. Seks av skulane vart trekte til å vere med i kontrollgruppa og vart såleis ikkje presenterte for lærarrettleiinga. Me ba lærarane om å fylle ut eit spørjeskjema i forkant og fire månadar etter at lærarrettleiinga blei presentert. Representantar frå Skeiv Ungdom Bergen og Skeiv Ungdom Oslo /Akershus presenterte lærarrettleiinga. Dei hadde i forkant fått opplæring i å presentere

tiltaka. Totalt 283 lærarar deltok i grunnlagsmålinga, medan 114 lærarar deltok i både grunnlagsmålinga og oppføljarundersøkinga.

Resultat:

- Lærarane som var til stades då lærarrettleiinga vart presentert, greip oftare inn når dei høyrde elevar bruke nokre typar homorelaterte, (men ikkje horerelaterte) skjellsord, og fleire lærarar tok opp konsekvensane av å kalle nokon homorelaterte skjellsord etter å ha delteke i intervensjonen.
- Intervensjonen førte ikkje til at lærarane syntest dei hadde fått auka kompetanse kring tematikken som vart teke opp i intervensjonen.
- Blant lærarane som deltok i intervensjonen, var det ein større del som rapporterte at skulen deira har ein policy om nulltoleranse mot homo- og horerelaterte skjellsord.

For å kartlegge i kva grad rektorane hadde implementert tiltaka på skulenivå, og deira erfaringar med tiltaka, vart rektorane ved intervensjonsskulane spurte om å delta i eit telefonintervju. Åtte av dei ti rektorane frå intervensjonsskulane takka ja til å delta.

Resultat:

- Rektorane hadde i liten grad implementert tiltaket som handlar om å innføre nulltoleranse mot bruken av homo- og horerelaterte skjellsord, og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing.
- Majoriteten av rektorane meinte at det generelle mobbearbeidet var tilstrekkeleg i arbeidet for å førebygge og handtere homo- og horerelaterte skjellsord, og at det ikkje var naudsynt med eigne tiltak som handla spesifikt om homo- og horerelaterte skjellsord.

På bakgrunn av denne evalueringa vil me anbefale at ungdomsskular bruker tiltaka for førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn saman med eit allereie etablert anti-mobbeprogram. Vidare vil me anbefale at utviklarar av anti-mobbeprogram inkluderar førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn som ein del av deira anti-mobbe strategi.

KUNNSKAPSOVERSIKT

Homonegative skjellsord i norske skular

Bruken av ”homo”, ”homse”, ”lesbe” og liknande ord som skjellsord ser ut til å vere utbreidd i norske ungdomsskular. Nett kor stort talet på ungdomsskuleelevar som vert utsette for dette er, ser ut til å kome an på korleis ordbruken vert definert. Då ungdom i ein landsrepresentativ studie med 3046 ungdomsskuleelevar vart spurt kor ofte dei har blitt *mobba* på skulen ved at dei har blitt kalla homse eller lesbe, svara berre eit mindretal (7% av gutane og 1% av jentene) at dei vart utsette for dette (Roland & Auestad, 2009). Då denne ordbruken vart definert som *nedsettande merknadar* og ikkje mobbing, var talet høgare. I ein studie med 1524 elevar ved 9 vidaregåande skular i Sør-Trøndelag svara heile 40% av gutane og 9% av jentene at dei hadde blitt utsette for å bli kalla ”homo” og ”homse” på skulen (Bendixen & Kennair, 2008). På spørsmål om kor ofte ungdommane i ein studie med 921 niandeklassingar frå Nordhordland, Oslo og Akershus sjølv hadde kalla ein ven ”homo”, ”lesbe” eller ”soper”, svara heile 54% av gutane og 30% av jentene at dei hadde kalla ein ven dette den siste veka, medan 40% av gutane og 26% av jentene rapporterte at dei hadde kalla nokon dei ikkje likte desse orda den siste veka (Slåtten & Anderssen, 2011). Utanlandske studiar viser òg at ein betydeleg andel ungdomsskuleelevar har direkte eller indirekte erfaring med denne type åtferd (sjå til dømes: Chiodo, Wolfe, Crooks, Hughes & Jaffe, 2009; AAUW, 2001; Peters, 2003; Witkovska, 2005). I ein landsomfattande norsk studie med 1246 personar mellom 15 og 80 år rapporterer 22% av alle menn og 11% av alle kvinner at dei har kalla ein eller fleire gutar/menn for ”homo”, ”homse” eller liknande ord månadleg eller oftare det siste året (Anderssen & Slåtten, 2008).

Homonegative skjellsord i skjeringspunktet mellom spøk og trakassering

Forsking frå USA og andre land fortel at ungdommar i mange vestlege land bruker homonegative ord for å rakke ned på ein person eller for å uttrykke noko som er teit eller negativt (Burn, 2000), men at dette ofte ikkje har noko direkte å gjere med dei involverte

personane sine reelle seksuelle preferansar. Me trur at det å nytte homonegative skjellsord ligg i eit skjeringspunkt mellom spøk og trakassering. På den eine sida gjeld at mange bruker desse kallenamna utan å tenke over tydinga eller tenke på at nokon kan bli støytte (Burn, 2000; Kimmel & Mahler, 2003). To norske kvalitative undersøkingar og ei kvantitativ undersøking viser at nokre gonger kan erting med homo-uttrykk vere ein måte å spøke på ein hyggeleg måte (Bendixen & Kennair, 2009; Kavlie & Lilletvedt, 2002; Slåtten & Anderssen, 2011). På den andre sida gjeld at ungdom likevel ser ut til å bruke homonegative kallenamn særleg mot personar dei ikkje liker (Poteat & Espelage, 2005; Slåtten & Anderssen, 2011). Burn (2000) meiner at "homo" som skjellsord vert nytta av ungdommar for å syne gruppetilhøyre med ein majoritet.

Barn og ungdom bruker dei frasene og skjellsorda som er tilgjengelege i språket når dei skal uttrykke seg, og dei nyttar språket nyansert og kontekstbunde, nokre gonger alvorleg og andre gonger tullele. Til grunn for både den negative og den hyggelege bruken av "homo", "homse", "soper", "lesbe" ol., ligg det likevel ei felles forståing om at det å vere homofil eller lesbisk handlar om noko suspekt. Dette ligg som ei føresetnad om at homo-kallenamn kan fungere som erting (Kavlie & Lilletvedt, 2002; Slåtten, Anderssen, & Holsen, 2008). I ein studie med 7212 elevar frå 8. til 10. klassetrinn i Oslo, rapporterte 47% av elevane at dei oppfattar ordet "homo" som negativt (Vaagen & Gran, 2011).

Homonegative skjellsord som verktøy for å etablere mannleg identitet?

Dei homonegative kallenamna ser ut til å vere særleg vanlege blant gutar og menn, og dei inngår truleg i prosessar kring konstituering av mannlegdom og maskulinitet. I følge Connell (2005) sine teoriar om hegemoniske maskulinitetar finst det blant gutar og menn eit kjønnshierarki med gode og dårlige måtar å uttrykke kjønn og maskulinitet på. Desse måtane vil variere frå miljø til miljø, men felles for den vestlege verda er at ikkje-maskuline eller såkalla tradisjonelt feminine måtar å uttrykke kjønn på, vert assosierte til homoseksualitet, og rangerte som aller lågast i kjønnshierarkiet (Connell, 2005). Det kan sjå ut som at ungdommar, og særskilt gutar, som ikkje følgjer normer for korleis det er forventa at gutar og jenter skal te og kle seg, og ungdommar som har interesser og behov som skil seg frå det ein tradisjonelt assosierer med kvinnelegdom og mannlegdom, er særskilt utsette for å bli kalla

for ”homo” eller ”lesbe” (Bridget, 2003; Meyer, 2009; Phoenix, Frosh & Pattman, 2003; Plummer, 2001). Det kan òg sjå ut som at gutar som opplever at deira maskulinitet vert utfordra eller trua, brukar homonegative skjellsord som ein metode for å ”forsvare” maskuliniteten sin på, eller for å vise at dei sjølv i alle fall ikkje er homofile (Meyer, 2009; Pascoe, 2007; Phoenix et. al.,2003). Det å vere annleis enn resten av gruppa (Plummer, 2001), ha kunstnariske interesser, manglande sportsinteresse , og ikkje vise synleg interesse for jenter er òg oppgitt som grunnar for kvifor nokre gutar vert kalla for ”homo” eller liknande uttrykk (Pascoe, 2003; Smith, 1998). Når elevar i niande klasse frå Nordhordland, Oslo og Akershus (n=921) vart spurte om dei hadde kalla ein gut for ”homo”, ”homse” eller liknande ord, og kva som var grunnen til ordbruken, oppga 44% av gutane og 37% av jentene at dei hadde kalla ein gut homo-relaterte kallenamn som ein respons på brot på forventa kjønnsrollar. Det var vidare langt færre som rapporterte å ha kalla ei jente for ”homo”, ”lesbe” eller liknande kallenamn av desse grunnane (12%) (Slåtten & Anderssen, 2011).

Ved å regulere kvarandre si åtferd med kallenamna ”homo”, ”jente” eller ”puse” ser unge gutar ut til å minne kvarandre på at det er uakseptabelt å ha nære relasjonar med andre gutar (Phoenix et al., 2003).

Homonegative skjellsord er negativt forankra og har truleg negative konsekvensar

Britiske og nordamerikanske studiar viser at unge menneske uavhengig av seksuell orientering, oppfattar det som negativt å bli kalla for ”homo” eller ”lesbe” (Burn, Kadlec & Rexer, 2005; Smith, 1998; Plummer, 2001; Thurlow, 2001; AAUW, 2001). Å bli kalla for ”homo” eller ”lesbe” ser ut til å bli oppfatta som noko dårleg, og fleire utanlandske studiar finn statistisk samvariasjon mellom det å bli utsett for homonegative skjellsord og redusert psykisk helse og auka antisosial åtferd. Fleire amerikanske og ein norsk studie viser at ungdommar som vert kalla homonegative tilnamn, samanlikna med andre ungdommar, rapporterer fleire depressive-suicidale kjensler (Espelage, Aragon, Birkett & Koenig, 2008), fleire symptom på angst og depresjon (Poteat & Espelage, 2005; Roland & Auestad., 2009), meir mobbing, trakassering, kriminell åtferd (Poteat & Espelage, 2005) og mindre trivsel på skulen (Espelage et al., 2008). Ein liten nordamerikansk studie fann at særleg gutar som vert

utsette for homonegative skjellsord, fortalde om meir symptom på angst, depresjon, fortvilning og mindre skuletilhøyre, medan jenter som vert utsette for homonegative skjellsord, synte ei meir tilbaketrukkne åtfærd (Poteat & Espelage, 2007). Ein annan liten studie fann at gutar som vert kalla med homonegative tilnamn, slost meir, medan jenter som vert kalla med desse tilnamna, synte mindre empati (Poteat & Espelage, 2005). Det kan òg sjå ut som at ungdommar som identifiserer seg som homofile og lesbiske, reagerer meir enn andre på å bli utsette for homonegative skjellsord. Til dømes viser ei undersøking i Noreg at elevar som vart *mobba* med homofobisk innhald, skåra høgare på skala for depresjon og angst enn elevar som vart mobba utan homofobisk innhald, og at homofile, lesbiske og bifile elevar reagerte med endå større utslag i form av angst og depresjon enn dei heterofile elevane (Roland & Auestad, 2009).

Homonegative skjellsord er truleg negativt for homofile og lesbiske

Unge homofile og lesbiske held til i eit motsetningsfylt landskap når det gjeld møtet med homonegativitet. Trass i nyvunne rettar i lovverk, og trass i at me har ei likestilling mellom homofile og heterofile som er manifestert i det norske lovverket og samfunnet vårt i dag (Røthing & Svendsen, 2008; Mühleisen & Røthing, 2009), er folk sine haldningar til homofile og lesbiske òg til dels motsetningsfylte (Anderssen & Slåtten, 2008). Eit fleirtal av den norske befolkninga rapporterer at dei har positive eller nøytrale haldningar til homofile og lesbiske (Anderssen & Slåtten, 2008). Samstundes rapporterer over halvparten av gutane i to studiar med sekstenåringar og nittenåringar at dei har negative haldningar til homofile menn (Anderssen, 2002; Anderssen, 2004). Sjølv om dei fleste homofile og lesbiske truleg har gode liv, viser studiar frå Noreg og andre land som samanliknar homofile og lesbiske ungdommar med heterofile ungdommar, at lesbiske og homofile oftare vert utsette for mobbing (Moseng, 2007), mobbing med homofobisk innhald (Roland & Austad, 2009), homofobisk erting (Espelage et al., 2008), og at dei i gjennomsnitt ofte skårar noko dårlegare på ulike mål på kor godt ein har det (til dømes: Cochran, Sullivan & Mays, 2003; Meyer, 2003). Ein av grunnane til dette er kanskje at homofile og lesbiske framleis vert marginaliserte i samfunnet vårt (Hellesund, 2008). Utanlandske studiar viser òg at verbal trakassering av lesbiske, homofile og bifile er svært utbreidd i skulane (Kosciw & Diaz, 2006; Roth, Boström & Nykvist, 2005; Warner et al., 2004) og at homofile, lesbiske og bifile som har blitt mobba eller utsett for

trakassering, har fleire depressive symptom (Otis & Skinner, 1996; Williams, Connolly, Pepler & Craig, 2005) og andre psykiske problem (D'Augelli, Pilkington & Hershberger, 2002; McNamee, 2006; Warner et al., 2004), inklusive det å forsøke å ta livet sitt (Warner et al., 2004), samanlikna med andre homofile og lesbiske.

Horerelaterte skjellsord i norske skular

Bruken av ord som "hore", "bitch", "fitte", "kuk" og liknande som skjellsord ser òg ut til å vera utbreidd i norske skulegardar. Når ungdom i ein studie med 1524 elevar ved 9 vidaregåande skular i Sør-Trøndelag vart spurt om i kva grad dei har blitt utsett for nedsettande merknader som "hore", "bitch", "fitte", "kuk" og liknande svara 31% av jentene og 40% av gutane at dei hadde blitt utsette for dette på skulen (Bendixen & Kennair, 2008). Ein mindre studie som samanlikna jenter sin bruk av skjellsord ved to ungdomsskular i Oslo dokumenterte endå høgare prevalenstal. Studien som samanlikna to niandeklassar i Oslo fann at mellom 29% og 55% av jentene hadde opplevd å bli kalla "hore" av ei anna jente ved eitt eller fleire høve, medan mellom 50% og 75% hadde opplevd å bli kalla "hore" av ein gut ved minst eitt høve (Bræck, 2006). Det er verd å merke seg at utvalet i denne studien var relativt lite, og at tala berre er basert på 62 spørreskjema. Utanlandske studiar viser òg at ein betydeleg andel ungdomsskuleelevar har direkte eller indirekte erfaring med denne type åtferd (sjå til dømes: Witkowska, 2005; AAUW, 2001; Eliasson, 2007).

Horerelaterte skjellsord i skjeringspunktet mellom spøk og trakassering

Som med dei homonegative skjellsorda, ser det ut til at bruken av horerelaterte skjellsord ofte kan seiast å liggje ein stad mellom vennskapeleg spøk og seksuell trakassering. Mekanismane kring bruken av "hore" og liknande skjellsord er kanskje ulike avhengig av om det er jenter eller gutar som tek desse skjellsorda i bruk. Når jenter kallar andre jenter for "hore", handlar dette nokre gongar truleg om negativ sanksjonering mot brot på normer for korleis det er forventa at jenter skal uttrykke seksualitet. "Hore" vert gjerne kanskje særskilt brukt som skjellsord mot jenter som vert oppfatta som for seksuelt tilgjengelege i forhold til den

etablerte seksualføleferdsnorma. Når jenter kallar ei anna jente for "hore", treng det likevel ikkje i alle samanhengar handle om normbrytande seksualføleferd. Som med homo-uttrykket vert "hore" i fleire ungdomsmiljø òg truleg brukt som eit tilsynelatande harmlaust ord i spøkefull vennskapleg erting, eller det kan bli brukt som eit vondsinna skjellsord utan å vise til kjønn eller seksualitet. Det kan til dømes sjå ut som at jenter frå lågare sosiale klassar oppfattar og brukar ordet "hore" som ein vennskapleg interaksjon i større grad enn jenter frå høgare sosiale klassar (Helseth, 2007). Respondentane i Bræck si undersøking (2006) rapporterer i tråd med denne tankegangen ei rekkje ulike situasjonar der "hore" vert brukt. Den vanlegaste nemnte grunnen er at "hore" vert brukt som spøk ved begge skular (76%). Den nest vanlegaste årsaka som vert oppgjeven for at jenter vert kalla "hore", er at dei har blitt uvener med ein person (36% og 55%), medan klesstil og antall kjærastar ei jente har hatt vert oppgjeve som ein mindre vanleg grunn for å bli kalla «hore». Vidare rapporterer jentene at deira reaksjon på å bli kalla "hore" vil vere avhengig av situasjonen og av kven det er som brukar ordet. Både Bræck (2006) og Eliasson (2007) har inkludert kvalitative analysar av bruken av horerelaterte skjellsord i sine studiar. Eliasson sin studie er basert på eit større datagrunnlag enn Bræcks med 1006 elevar (555 sjetteklassingar og 451 åttandeklassingar) frå den svenske byen Uddevalla. Vidare har ho gjennomført observasjonar i to åttandeklassar i Stockholm med totalt 40 elevar, og intervjuar ti av elevane. Respondentane i begge studiar oppgav her at bruken av denne typen skjellsord mellom anna er ein viktig markør for intimitet, då dette er ei form for humor som berre vert brukt blant vener som kjenner kvarandre godt nok til å vite at det er snakk om ein spøk. Vidare vert det oppgitt, som tidlegare nemnt, at horerelaterte skjellsord òg vert brukte for å korrigere normoverskridande åtferd, for å såre dersom ein kjenner seg krenka, og tidvis òg som eit slags fyllord utan at respondentane tenker noko særskilt over orda si tyding.

Når gutar brukar "hore" som skjellsord mot jenter, kan ordbruken i større grad oppfattast som seksuell trakassering. Dersom det er gutar som nyttar seg av denne typen skjellsord mot jenter, kan det òg sjå ut til at ordbruken vert oppfatta som meir krenkande, då denne typen skjellsord kan oppfattast som vanskeleg å forsvare seg mot (Bræck, 2006). Ordbruken kan òg vere ein gut sitt forsøk på å gjere ei jente til eit seksuelt objekt som er tilgjengeleg for gutar sine ønskjer og behov. Ein måte å forstå seksuell trakassering på er at kvinner og menn tradisjonelt har blitt oppdregne til ulike roller, der kvinna meir tydeleg er blitt gjort til eit seksuelt objekt for mannen. Dette kan til dels bidra til å forklare kvifor uønska seksuell merksemd som vert utøvd av gutar mot jenter, ofte vert bagatellisert og ikkje alltid fanga opp

som seksuell trakassering i skulen (Røthing, 2000). Eliasson (2007) rapporterer at verbal trakassering, og særskilt seksuell verbal trakassering, er ein måte for gutar å vise at dei er heteroseksuelle tenåringsgutar, og dermed ikkje barn. Studien viser òg at gutar som ikkje uttrykte sin seksualitet på denne måten i større grad blei sett på som aseksuelle eller ikkje «skikkeleg maskuline». Dersom denne typen tankegang skulle vise seg å vere norma for ungdom i denne aldersgruppa, kan det òg vere med å forklare kvifor åtferda ikkje vert fanga opp som trakassering, nettopp fordi det er mangelen på trakassering som vert sett på som avvikande.

Horerelaterte skjellsord som verktøy for å etablere ein «passande» kvinneleg identitet?

Jenter ser ut til å bruke seksuelt orienterte kallenamn (t.d. "bitch" og "hore") oftare enn homokallenamn (Bendixen & Kennair, 2008; Witkowska, 2005). Samla sett kan det sjå ut til at vanlege kallenamn blant ungdommar i dag meir enn tidlegare handlar om kjønn og seksualitet, og at bruken kanskje handlar om korleis jenter og gutar i dag etablerer kvinnelege og manlege tenkje- og veremåtar. Sjølv om intensjonen bak å kalle nokon for "hore" ("bitch", "fitte", "kuk") ikkje treng vere vondsinna, kan ordbruken opplevast krenkande (Bendixen & Kennair, 2009) og vere med å svekke eleven si stilling i elevgruppa. Horestempelet kan få elevane til å tru at ei jenta som vert kalla "hore" er meir seksuelt tilgjengeleg enn ho ønskjer å vere ("at ho er billig") og difor ikkje fortener å bli respektert (Røthing & Svendsen, 2009). Bruken av "hore" som skjellsord kan òg vere med å avgrense ei jente sitt handlingsrom når det gjeld eiga kjønns- og seksualåtferd. Jenter som vert kalla "hore" for åtferd dei i utgangspunktet er komfortable med, kan likevel kome til å internalisere kritikken og endre på åtferda for å tilpasse seg norma, sjølv om dei må gje avkall på eigne interesser eller kjensler (Nikell & Sievers, 2000). Når det gjeld jenter si oppleving av å bli kalla «hore» av jenter eller gutar fortel Bræck (2006) sine respondentar blant anna at det er; *"Verst av gutt fordi guttene ikkje har nokon forståelse for korleis det føles å bli kalt hore"* (Bræck, 2006, s 53) og *"Det er helt klart verst å bli kalt det av en gutt. Fordi da kan andre gutter tro det samme, og du vil jo at guttene skal like deg. Hvis en jente kaller deg hore, så er det ofte fordi dere har kranglet, eller at hun er sjalu"* (Bræck, 2006, s 53).

Denne tendensen til å oppleve at det er verre å bli kalla ”hore” av gutar enn av jenter fordi dei ”meiner det”, fordi dei ”ikkje veit korleis det kjennest” eller fordi det er ”dei du vil skal like deg” ser ut til å gå igjen i studien saman med ei forståing av at jenter ikkje har noko tilsvarende ord å kalle gutar.

Bruken av kjønnsrelaterte skjellsord kan òg vere med å skape, oppretthalde og forsterke negative haldningar til kvinner og jenter som gruppe, eller gutar og menn som gruppe. Dette igjen kan legitimere andre og meir alvorlege former for trakassering på grunnlag av kjønn. På skular der horestempelet er utbreidd blant jenter er det til dømes fare for at jenter, eller grupper av jenter vert sett på som kjønnsobjekt i staden for fullverdige medlemmar i elev- og vennegrupper (Nikell & Sievers, 2000). Vidare kan jenter som stadig vert kalla for ”hore” kome til å internalisere at dette er noko som jenter må forhalde seg til, og at dei må tåle denne type krenking. Studiar har blant anna vist negative korrelasjonar mellom bruken av horerelaterte skjellsord og rapportert velvere og tilfredsheit i skulekvardagen (Eliasson, 2007), samt ein positiv assosiasjon mellom seksuell trakassering, inkludert bruken av denne typen skjellsord, og rapporterte symptom på blant anna depresjon og angst (Gådin & Hammarström, 2005). Eliassons studie (2007) indikerer òg at den negative assosiasjonen mellom verbal trakassering, velvere og tilfredsheit ikkje er avhengig av at den verbale trakasseringa er gjenteke, skjer ofte, eller kombinerast med annan type trakassering.

Lokale variasjonar i bruken og forståinga av homonegative og horerelaterte skjellsord blant ungdom

Helseth (2007) rapporterer om til dels store variasjonar i førekomsten av kjønnsrelatert mobbing som vert avdekkja ved undersøkingar. Vidare presenterer ho ei mogleg tolking av denne variasjonen som fokuserer på ungdom sine egne forståingar av fenomenet som vert studert. Ho peikar på at det eksistere til dels store sprik mellom forskarane og ungdom si forståing av kva som kan definerast som trakassering. Ein tendens som moglegvis kan forklare forskjellar i tolkinga av bruk av skjellsord, kan skuldast ungdommens egne normer. Eliasson (2007) rapporterer mellom anna at respondentane i hennar studie argumenterer for at ein må «venne seg til» verbal trakassering, akseptere at det er snakk om spøk eller ikkje bry seg. Dette fordi ein negativ respons på skjellsorda kan antyde at dei inneheld ein kjerne av

sanning, og dermed òg ein grunn til å bli trakassert. Det kan altså sjå ut til at ungdommane prøver å skilje bruken av skjellsord frå konsekvensane av orda, noko som kan tenkast å vanskeleggjere tolkinga av hensikta med bruken og dermed òg rapporteringsprosessen. Truleg er bruken av skjellsord sterkt knytt til lokale variasjonar i ungdomskultur. Eksempelvis viser Bræcks (2006) funn at sjølv jamnaldrande ungdom frå same by som vert stilt nøyaktig dei same spørsmåla rapporterer relativt store forskjellar i bruken av horerelaterte skjellsord (sjå for eksempel gutars bruk av «hore» retta mot jenter).

Førebygging og handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord

Å leggje til rette for eit skuleklima kor elevane kan kjenne seg trygge, aksepterte, respekterte og inkluderte er viktig fordi eit slikt klima heng saman med skuletrivsel og ei god psykisk helse (Samdal, Nutbeam, Wold, & Kannas, 1998; Schocket, Dadds, Ham & Montague, 2006). Lærarar i ungdomsskulen har gode føresetnader for å førebygge og handtere homonegative og horerelaterte skjellsord, sidan dei til dagleg profesjonelt må forhalde seg til konfliktstoff som er knytt til elevane sin kvardag (Slåtten et. al, 2008). Likevel opplever mange lærarar dette som utfordrande og vanskeleg, nettopp fordi dei ikkje har noka særskilt opplæring i dette (Røthing & Svendsen, 2009). I ein observasjonsstudie med norske tiandeklassingar på tre ungdomsskular fann Røthing (2007) at lærarar valte å ikkje ta opp temaet homofili eller homonegativisme i det heile, av di dei mangla kompetanse. Ein svensk studie med 306 ungdomsskulelærarar viste at heile 90% rapporterte at dei mest ikkje hadde fått noka opplæring i å ta opp spørsmål om seksuell legning (Sahlström 2006). Homonegativisme ser heller ikkje ut til å vere eit tema innan norsk lærarutdanning (Røthing 2007; Smestad 2007).

Amerikanske forskarar har føreslått å førebygge og handtere homonegativitet gjennom fleire strategiar; å innføre ein skulepolicy mot homonegative skjellsord (Poteat & Espelage, 2007), å inkludere temaet homofobi og brot på kjønnsroller (gender non-conformity) i mobbeprogram (Tharinger, 2008), auke elevane sitt medvit kring homonegative skjellsord (Burn, 2000), og å gripe inn når homonegativ språkbruk vert ytra (Poteat & Espelage, 2007). I ei svensk undersøking blei 980 elevar spurte om kva skulen burde gjere for å forhindre seksuell trakassering og erting med homo-ord. Flest meinte at betre informasjon om åtferda var det

viktigaste tiltaket, medan dei to andre hyppigast nemnte tiltaka var å samtale om temaet, og å gripe inn når det oppstår (Menckel & Witkowska, 2002).

Auka kompetanse i handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord er truleg ein viktig strategi for å førebygge og handtere homo- og horerelatert språkbruk. Fleire norske skular har truleg gode erfaringar og veletablerte prosedyrar med omsyn til førebygging og handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord. Om skulane tek tak i denne type åtferd er truleg likevel for dei fleste skulane tilfeldig, og vil avhenge av om det finst lærarar som har tileigna seg kunnskapar om temaet og som set prosessar i gang. Å auke lærarane sin kompetanse i å slå ned på homonegative skjellsord, og vidare inkludere nulltoleranse mot denne type åtferd kan såleis vere ein viktig strategi for å redusere trakasseringa av homofile, lesbiske og bifile (Hansen, 2007). Per dags dato er dette likevel ikkje blitt prøvd ut systematisk eller evaluert på nokon skular (Hansen, 2007).

Initiativ for førebygging og handtering av homonegative skjellsord er blitt utvikla og implementert i ulike settingar (sjå bla. Drake, Billington, & Ellis, 2004; Jennett, 2004; National Union of teachers, 2004; Project 10, 2007; Warwick & Douglas, 2001) utan at det er gjort systematiske undersøkingar av effekten av initiativa. Dette prosjektet tek sikte på å undersøke dette, og er så vidt me veit, det fyrste i sitt slag både i nasjonal og internasjonal samanheng.

Kva forskinga seier om effekten av skuleintervensjonar

Det finst i dag ei rekke studiar som seier noko om effekten av ulike typar skuleintervensjonar. Når det gjeld program som skal førebygge problemåtferd og fremme sosial kompetanse, så viser det seg at dersom desse har eit godt utvikla program og design og samtidig er godt implementert ved den enkelte skule, så har dei ein effekt (Greenberg, et al., 2003). For eksempel så har Olweus programmet mot mobbing ført til ein systematisk reduksjon i talet på elevar som vert mobba og antal elevar som mobbar andre (Olweus & Limper, 2010). Ikkje alt førebyggjande arbeid i skulen fører til ei ønska åtferdsending. Ein gjennomgang av ulike studiar innan det rusmiddelførebyggjande arbeidet i skulen viser at ein i all hovudsak ikkje

finn nokon effekt av skulebaserte tiltak, verken på elevane sin rusmiddelbruk eller på rusrelaterte skadar (Rossow og Klepp, 2010; Nordahl et al., 2006).

Det er fleire forhold som spelar inn ved den enkelte skule for om eit program vil gje resultat eller ikkje. Eit godt teoretisk basert program som gjev gode resultat ved ein skule vil ikkje nødvendigvis vise den same effekten ved ein annan skule. Kvaliteten på implementeringa av programmet er heilt avgjerande. Det er for eksempel viktig at programmet er forankra i leiinga, samstundes som ein har ei lærargruppe som ser behovet og er motivert for å ta i bruk programmet (Ogden, 2005). Gingiss, Roberts-Grey og Boern (2006) har utvikla ein modell som ser på faktorar som er avgjerande for å sikre god implementering. Desse er: Tilretteleggande faktorar (så som kompetanseheving hos lærarane, ferdigheiter hjå lærarane), ressursar (materialet, tid, lokaler, økonomi), sterk skuleleiing (og ressursgruppe), kompatibilitet (at programmet er i samsvar med gjeldane prioriteringar og behov i skulen, blant lærarar og elevar, samt prioriteringar og behov i samfunnet elles), oppbygginga og innoveringa av sjølve programmet (kompleksitet, kor lett det er å bruke).

Ser ein nærare på program for å redusere mobbing og fremme sosial kompetanse, viser det seg at program som går over fleire år og som består av fleire komponentar, har større mulegheit for å oppnå effekt. Forsking viser òg at kortvarige intervensjonar i dei fleste tilfella vil gje lite varige resultat (Greenberg et al., 2003). I og med at intervensjonen i denne studien er ein mindre intervensjon med veldig avgrensa ressursar, er det viktig å få nøye målingar på dei ulike komponentane i tiltaka før og etter intervensjon, samt ha god kjennskap til dei tilhøva som har hatt verknad for gjennomføringa av programmet. Dette vil kunne gje eit grunnlag for å seie noko om kva og kvifor tiltaka eventuelt har ført til ei endring.

Tidlegare utarbeiding og utprøving av tiltaka

Sjølv om ungdomsskular er plikta til å slå ned på krenkande ord og fremje gode psykososiale miljø gjennom Opplæringslova §9a3, Likestillingslova §8a, Mobbemanifestet og Kunnskapsløftet (Regjeringa, 2009; Utdannings- og forskningsdepartementet, 2006), og sjølv om Utdanningsdirektoratet nyleg har oppfordra lærarar i grunnskulen til å slå ned på homonegative skjellsord gjennom eit ressurshefte om undervisning om seksualitet

(Utdanningsdirektoratet, 2009), fins det i norske skular ikkje noko systematisk arbeid for å førebygge og handtere homonegative og horerelaterte skjellsord. Forfatarane av denne rapporten har difor utarbeidd tiltak for førebygging og handtering av bruken av homonegative skjellsord (i rapporten referert til som homofobisk erting) (Slåtten, Anderssen & Fosse, 2007). Rapporten inneheld ei oversikt over temaet homofobisk erting, og forslag til tiltak som kan iverksetjast slik at lærarane skal verte betre i stand til å førebygge og handtere homonegative skjellsord. Tiltaka byggjer på internasjonal engelskspråkleg litteratur om liknande tiltak, på meir allmenne strategiar og tiltak utarbeidd av mobbeforskaren Dan Olweus (1994), og på sosialpsykologisk teori og forskning om viktige forhold som verkar inn på ungdommar si åtferd (Slåtten, et al. 2007).

Lærarferingar med tiltaka vart prøvd ut på tre ungdomsskular i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane hausten 2007. Alle lærarane ved prosjektskulane fekk presentert eit foredrag på om lag 45 minutt om førebygging og handtering av homonegative skjellsord, og fekk såleis auka kunnskap om korleis denne type åtferd kan førebyggjast og handterast. Lærarane har saman med prosjektmedarbeidarar diskutert dei enkelte tiltaka, men det har vore opp til dei enkelte lærarane og skulane kva tiltak som vart prøvd ut, og prosjektmedarbeidarane har ikkje vore involvert i sjølve implementeringa av tiltaka. Målet for samarbeidet var å kartleggje lærarane sine erfaringar med utprøvinga av dei føreslåtte tiltaka, og å kartleggje ressursar og barrierar for førebygging og handtering av homonegative skjellsord på dei enkelte ungdomsskulane. Lærarane sine erfaringar med implementering av tiltaka vart vidare brukt til å revidere og vidareutvikle tiltaka slik at dei passar i norske ungdomsskular. Dette arbeidet resulterte i eit ressurshefte for lærarar i ungdomsskulen som inkluderte fire tiltak for førebygging og handtering av homonegative skjellsord (Slåtten, Anderssen & Holsen 2008). Rammeverket for utprøvinga og revideringa av tiltaka byggjer på modeller for helsefremmande arbeid (PRECEDE- PROCEED- modellen) (Green & Kreuter, 2005).

Eit viktig (og kanskje ikkje så uventa) funn i utprøvinga av den tidlegare versjonen av tiltaka om førebygging og handtering av homo- negative kallenamn, var at lærarane ved dei tre pilotskulane hadde lite tid til å jobbe med prosjektet då det i ein travel skulekvardag var lite tid for anna enn obligatoriske gjeremål. Alle lærarane nemnte tidspress som ein viktig barriere mot å implementere tiltaka (Slåtten, et al. 2008). Lærarane sin skulekvardag er i tillegg til undervisninga òg fylt opp med fleire prosjekt som skulane har forplikta seg til å delta i og

fylgje opp. Når lærarane har utført dei obligatoriske gjeremåla har dei ofte liten kapasitet til å ta på seg ekstra oppgåver. For å auke sjansane for at lærarane skal fylgje opp eit prosjekt som ikkje er blitt pålagt frå høgare autoritetar, må lærarane synast at prosjektet i seg sjølv har nytteverdi, og prosjektet må krevje minimalt av tid og ressursar slik at dei vert enkle å gjennomføre. Det vart i stor grad teke omsyn til dette då tiltaka vart reviderte.

På ei seinare revidering av tiltaka vart òg førebygging og handtering av horerelaterte kallenamn integrert i tiltaka (Slåtten, Anderssen, & Holsen, 2009). Dei fire tiltaka handlar om førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn og inngår som ein del av ei lærarretteiing om førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn. Lærarretteiinga inneheld òg tema knytt til kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering.

INTERVENSJONSSTUDIEN

Måla for intervensjonen

Måla med tiltaka for førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn

Måla med tiltaka på skulenivå er å:

1. Etablere nulltoleranse mot bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord, og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing.

Det langsiktige målet med intervensjonsstudien er at skulane innfører ein policy og retningslinjer for korleis lærarane skal handtere homo- og horerelaterte kallenamn. Det kortsiktige målet er at lærarane stiller seg positive til å innføre policy om nulltoleranse mot bruken av homo- og horerelaterte kallenamn og for korleis desse skal handterast.

2. Byggje og nytte kompetanse blant lærarane i førebygging og handtering av bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord.

Målet med intervensjonsstudien er at lærarane rapporterer at dei har betre kompetanse i å slå ned på homo- og horerelaterte kallenamn, og at dei rapporterer at dei har betre kompetanse i å forklare elevane kvifor dei ikkje skal kalle nokon for homo- og horerelaterte kallenamn.

Tiltaka på elevnivå er å:

1. Auke medvitet hos elevane om konsekvensane av bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord.

Målet med intervensjonsstudien er at lærarane tek opp tema knytt til kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting, seksuell trakassering, bruken av homo- og hore- relaterte kallenamn og konsekvensane av å kalle nokon desse kallenamna.

2. Ta avstand frå og slå ned på bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord.

Målet med intervensjonsstudien er at lærarane grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev eit slikt kallenamn.

Metode

Deltakarar

Rekruttering og deltakarar blant skular

I fyrste rekrutteringsfase vart alle ungdomsskulane i Bergen kommune (24) invitert til å delta i intervensjonsstudien, medan 24 av 38 ungdomsskular i Oslo kommune vart tilfeldig trukke til å bli invitert til å delta i intervensjonsstudien. Spesialskulane og skulane som har engelsk som hovudmål, vart ikkje inviterte til å delta. Rektor ved dei inviterte skulane vart sendt eit brev pr vanleg post i april 2009 (sjå vedlegg 2), og vart kort tid etter oppringte av prosjektleiar. Av dei 24 inviterte skulane i Bergen, takka 6 skular ja til å delta, medan 18 skular takka nei. Av dei 24 inviterte skulane i Oslo, takka 3 skular ja til å delta, medan 21 skular takka nei. På grunn av få svar vart det gjort eit nytt rekrutteringsforsøk.

I andre rekrutteringsfase vart 16 av 17 ungdomsskular i Midthordland utanfor Bergen inviterte til å delta i intervensjonsstudien (Skulen som ikkje vart inviterte hadde hausten 2007 vore med på ei tidlegare utprøving av tiltaka, og var difor ikkje eigna til å vere med i noverande studie). I Oslo vart dei gjenverande 14 skulane som i fyrste rekrutteringsfase ikkje vart inviterte til å delta, no inviterte til å delta. Rektor ved dei inviterte skulane vart sendt eit brev pr vanleg post i mai 2009, og vart kort tid etter oppringt av prosjektleiar. Av dei 16 inviterte skulane i Midthordland utanfor Bergen, takka 5 skular ja til å delta, medan 11 takka nei. Av dei 14 inviterte skulane i Oslo, takka ein skule ja til å delta, men trakk seg ved eit seinare høve, medan 13 skular takka nei. På grunn av få svar frå skulane i Oslo, vart det bestemt å gjere eit nytt rekrutteringsforsøk som berre omfatta austlandet.

I tredje rekrutteringsfase vart alle ungdomsskulane (23) i Akershus fylke inviterte til å delta i intervensjonsstudien ved at rektorane vart sendt eit invitasjonsbrev pr. e-post i juni 2009. To av skulane svara ja til å delta i studien, medan dei resterande 21 skulane svara nei, eller svara ikkje på e-posten i det heile.

Det totale utvalet på skulenivå består av fire skular frå Oslo, to skular frå Akershus, seks skular frå Bergen og fem skular frå resten av Midthordland. Svarprosenten for deltakinga i undersøkinga på skulenivå var 17%, med 17 deltakande ungdomsskular.

Rekruttering av lærarar

I august 2009 vart rektorane ved dei 17 deltakande skulane sendt ein pakke som inneheldt informasjonsskriv (sjå vedlegg 3, 4, 5), grunnlagsspørjeskjema til lærarane (sjå vedlegg 6), koplingskjema (sjå vedlegg 7), konvoluttar for kvart spørjeskjema og ein frankert svarkonvolutt. Alle skulane med unntak av ein skule som trakk seg, returnerte svarkonvoluttane innan september 2009. I desember 2009 vart rektorane ved alle deltakande skular (med unntak av ein skule som trakk seg) sendt eit nytt informasjonsskriv (sjå vedlegg 8), oppfølgjarspørjeskjema til lærarane (sjå vedlegg 9), konvoluttar for kvart spørjeskjema og ein frankert svarkonvolutt. Alle skulane returnerte svarkonvoluttane innan mars 2010.

Totalt 283 lærarar frå dei 17 ungdomsskulane deltok i grunnlagsmålinga, medan 114 lærarar deltok i både grunnlagsmålinga og oppfølgjarundersøkinga. For ei oversikt over antal lærarar frå dei ulike skulane som deltok i undersøkinga sjå tabell 1.

Tabell 1

Antal lærarar som deltok i grunnlagsmålinga og antal lærarar som deltok i både grunnlagsmålinga og oppføljarundersøkinga fordelt på dei 17 skulane

Skule	Antal lærarar som deltok i grunnlagsmålinga	Antal lærarar som deltok i grunnlagsmålinga og oppføljarundersøkinga
1	13	1
2	17	6
3	0	-
4	14	9
5	8	6
6	30	10
7	30	13
8	25	14
9	26	4
10	13	7
11	8	3
12	11	8
13	7	1
14	6	3
15	29	14
16	25	7
17	21	8
Totalt antal lærarar	283	114

Design

Intervensjonen består av to intervensjonsgrupper (A og B) og ei kontrollgruppe. I intervensjonsgruppe A og B skulle lærarane motta eit 45 minutt langt foredrag som presenterer tiltak for forebygging og handtering av kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering. Tiltaka skulle bli presenterte av to medlemmar frå Skeiv Ungdom Bergen eller Skeiv Ungdom Oslo/Akershus. I intervensjonsgruppe A skulle elevane i niande klasse i tillegg få besøk av to av medlemmane frå Skeiv Ungdom Bergen eller Skeiv Ungdom Oslo/Akershus som snakka om korleis det er å vere homofil og lesbisk. I kontrollgruppa skulle elevane ikkje motta nokon presentasjon eller besøk.

Dei 17 ungdomsskulane som deltok i undersøkinga, vart ved loddtrekning (randomisering) fordelte til dei tre gruppene stratifisert etter område (vestlandet vs austlandet). Blant skulane frå Midthordland (inkludert Bergen) vart fire av skulane trukke til å vere i intervensjonsgruppe A, tre av skulane vart trukke til å vere i intervensjonsgruppe B, medan

fire av skulane vart trukke til å vere i kontrollgruppa. Blant skulane i Oslo/Akershus vart to av skulane trukke til å vere i intervensjonsgruppe A, to av skulane vart trukke til å vere intervensjonsgruppe B, medan to av skulane vart trukke til å vere i kontrollgruppa. For ei oversikt over randomiseringa av skulane til dei tre gruppene stratifisert etter dei to områda: Midthordland og Oslo/Akershus sjå tabell 2. Skule nr. 3 trakk seg midtvegs i studien og er ikkje inkludert i seinare analysar.

Tabell 2

Randomisering av skular til dei tre intervensjonane stratifisert etter dei to områda: Midthordland og Oslo / Akershus.

Skule	Gruppe	Stad
1	Intervensjonsskule A	Oslo
2	Intervensjonsskule A	Oslo
3	Kontrollskule	Oslo
4	Intervensjonsskule B	Oslo
5	Intervensjonsskule B	Akershus
6	Intervensjonsskule B	Akershus
7	Intervensjonsskule A	Bergen
8	Kontrollskule	Bergen
9	Kontrollskule	Bergen
10	Kontrollskule	Bergen
11	Intervensjonsskule B	Bergen
12	Intervensjonsskule A	Bergen
13	Intervensjonsskule B	Øvrige Midthordland
14	Kontrollskule	Øvrige Midthordland
15	Intervensjonsskule B	Øvrige Midthordland
16	Intervensjonsskule A	Øvrige Midthordland
17	Intervensjonsskule A	Øvrige Midthordland

For ei oversikt over antall lærarar som deltok på grunnlagsmålinga og antal lærarar som deltok i både grunnlagsmålinga og oppføljarundersøkinga fordelt på intervensjonsskulane og kontrollskulane sjå tabell 3.

Tabell 3

Antal lærarar som deltok i grunnlagsmålinga og antal lærarar som deltok i både grunnlagsmålinga og oppføljarundersøkinga fordelt på intervensjonsskulane og kontrollskulane

Gruppe	Antal lærarar som deltok i grunnlagsmålinga	Antal lærarar som deltok i grunnlagsmålinga og oppføljarundersøkinga
Antal lærarar frå intervensjonsskulane	199	77
Antal lærarar frå kontrollskulane	84	37
Totalt antal lærarar	283	114

Blant lærarane som deltok på oppføljarundersøkinga frå intervensjonsskulane, rapporterte 36 av lærarane at dei var til stade då lærarrettleiinga (ei skildring av denne kjem seinare) vart presentert, medan 31 av lærarane rapporterte at dei ikkje var til stades. Ti av lærarane frå intervensjonsskulane svara ikkje på dette spørsmålet.

Kartleggingsverktøy

Alle spørsmåla som er brukt i denne undersøkinga vart utvikla for dette formålet og kan sjåast i vedlegg 2 og 8.

Prosedyre

Opplæring ved Skeiv Ungdom

Tre ungdommar frå Skeiv Ungdom Oslo/Akershus og fire ungdommar frå Skeiv Ungdom Bergen deltok på eit helgekurs i Bergen, august 2009, der dei fekk opplæring i lærarrettleiinga om førebygging og handtering av kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering. Etter foredrag, plenumsdiskusjonar og gruppearbeid om temaet utarbeida dei to Skeiv Ungdom -lokalgruppene kvar sin powerpoint -presentasjon av lærarrettleiinga. Desse to presentasjonane vart seinare bearbeida og slått saman til ein felles presentasjon. Det var denne presentasjonen Skeiv Ungdom brukte då dei presenterte lærarrettleiinga for lærarane ved skulebesøka (sjå vedlegg 10 for den fullstendige powerpoint -presentasjonen). Deltakarane frå Skeiv Ungdom som deltok som samarbeidspartnarar i denne undersøkinga, var: (oppe frå venstre) Thea Erbe Thomasen, Line Halvorsrud, Lars Kristian Stensrud, (nede frå venstre) Lisa Bradley, Tor Andreas Bremnes, Tom Helge Rasmussen og (ikkje på biletet) Thomas Fjerestad.



Skulebesøka

Ungdommane i Skeiv Ungdom Oslo/Akershus presenterte lærarrettleiinga for lærarane ved dei fem intervensjonsskulane i Oslo og Akershus, medan ungdommane i Skeiv Ungdom Bergen presenterte lærarrettleiinga for lærarane ved fire av dei sju intervensjonsskulane i Midthordland. På grunn av sjukdom og andre uføresette hendingar blant medlemmane i Skeiv Ungdom Bergen presenterte prosjektleiar lærarrettleiinga for lærarane ved tre av skulane i Midthordland. Alle presentasjonane vart haldne i august til oktober 2009 og vara i ein skuletime (45 min). Presentasjonen bestod i hovudsak av ein introduksjon av lærarrettleiinga, og var farga av ungdommane sine egne erfaringar med temaet (sjå vedlegg 10 for presentasjonen).

Ungdommane i Skeiv Ungdom Oslo/Akershus besøkte elevane i niande klasse ved dei to intervensjonsskulane A i Oslo for å snakke om det å vere skeiv. På grunn av sjukdom og andre uføresette hendingar måtte ungdommane i Skeiv Ungdom Bergen avlyse å besøke elevane i niande klasse ved dei fire intervensjonsskulane A i Bergen og Øvrige Midthordland. For ei oversikt over skulebesøka sjå tabell 4

Tabell 4

Introduisering av lærarrettleiinga og elevbesøka frå Skeiv Ungdom ved dei ulike intervensjonsskulane

Skule	Gruppe	Stad	Lærarrettleiinga introdusert	Elevar besøk av Skeiv ungdom
1	Int. skule A	Oslo	To gutar og ei jente frå Skeiv Ungdom Oslo/ Akershus	To gutar og ei jente frå Skeiv Ungdom Oslo/ Akershus
2	Int. skule A	Oslo	Ein gut frå Skeiv Ungdom Oslo/ Akershus	Ein gut frå Skeiv Ungdom Oslo/ Akershus
7	Int. skule A	Bergen	To gutar frå Skeiv Ungdom Bergen	Skeiv Ungdom Bergen besøk avlyst
12	Int. skule A	Bergen	Prosjektlear i staden for Skeiv Ungdom Bergen	Skeiv Ungdom Bergen besøk avlyst
16	Int. skule A	Midthordland	Prosjektlear i staden for Skeiv Ungdom Bergen	Skeiv Ungdom Bergen besøk avlyst
17	Int. skule A	Øvrige	Prosjektlear i staden for Skeiv Ungdom Bergen	Skeiv Ungdom Bergen besøk avlyst
4	Int. skule B	Oslo	To gutar frå Skeiv Ungdom Oslo/ Akershus	Nei
5	Int. skule B	Akershus	To gutar og ei jente frå Skeiv Ungdom Oslo/ Akershus	Nei
6	Int. skule B	Akershus	To gutar frå Skeiv Ungdom Oslo/ Akershus	Nei
11	Int. skule B	Bergen	Ein gut og ei jente frå Skeiv Ungdom Bergen	Nei
13	Int. skule B	Øvrige	Ein gut og ei jente frå Skeiv Ungdom Bergen	Nei
15	Int. skule B	Midthordland	Ein gut og ei jente frå Skeiv Ungdom Bergen	Nei
3	Kontrollskule	Oslo	Nei	Nei
8	Kontrollskule	Bergen	Nei	Nei
9	Kontrollskule	Bergen	Nei	Nei
10	Kontrollskule	Bergen	Nei	Nei
14	Kontrollskule	Øvrige	Nei	Nei
		Midthordland	Nei	Nei

Lærarrettleiinga

Lærarrettleiinga har som mål å bidra til at lærarar kjenner igjen bruken av homo- og horerelaterte skjellsord, og at lærarar kjenner seg kompetente til å reagere på denne typen ordbruk. Vidare er målsettinga at lærarane skal kjenne til kven som blir særleg krenka av denne ordbruken, at dei skal kunne forklare kvifor skulen ikkje aksepterer denne typen ordbruk, og avslutningsvis at lærarane skal kjenne til kva skulen sitt anti-mobbearbeid seier om bruken av homo- og horerelaterte skjellsord. Dette arbeidet er sentrert rundt fire tiltak som kort er skildra under.

- Tiltak på skulenivå:
 - o Etablere nulltoleranse mot bruken av “homo” og “hore” som skjellsord, og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing: Ein uttala skulepolicy om nulltoleranse mot bruken av denne typen skjellsord vil kunne bidra til konsistente reaksjonar frå lærarane samla sett, samt forplikte lærarane til å slå ned på åtfërda kvar gong. Dette vil òg føre til at elevane ikkje opplever det som tilfeldig om denne typen ordbruk fører til sanksjoner. Å involvere elevrådet og foreldre i prosessen på skular der det er tradisjon for dette vert òg tilrådd. I tillegg kan dette framme gehør for reglane blant elevane.
 - o Bygge og bruke kompetanse blant lærarane i førebygging og handtering av bruken av “homo” og “hore” som skjellsord: Ved å bruke ein planleggingsdag eller fagdag på ein gjennomgang av temaet og lærarrettleiinga kan prosessen med å auke kompetansen på området settast i gong. Vidare kan skulen stadfeste ein nulltoleranse og utarbeide strategiar for gjennomføring av dette.
- Tiltak på klassenivå:
 - o Auke kunnskapen hos elevane om konsekvensane av bruken av “homo” og “hore” som skjellsord. Enkelte elevar er ikkje klare over at orda dei bruker bygger på negative meiningar om homoseksualitet og/eller kvinner og kvinners seksualitet. Eit viktig skritt er dermed å formidle til elevane at alle medelevar kan bli såra av bruken av desse typene skjellsord. Det kan då vera gunstig å ta opp denne tematikken i undervisning og samtale med elevane, samt drøfte grunnar for å førebygge og handtere bruken av desse skjellsorda. Ein måte å oppnå auka bevisstheit rundt tematikken kan vere å bruke strukturerte aktivitetar.
 - o Ta avstand frå og slå ned på bruken av “homo” og “hore” som skjellsord: Det er viktig at lærarane grip inn ved bruken av denne typen skjellsord, på same måte som dei ville reagert ved bruk av rasistiske eller andre ikkje-akseptable ytringar. Det anbefalast at ein følgjar Olweus’ (1994) si rettleiing om å raskt og bestemt gripe inn i situasjonar der hendinga skjer, eller der det er mistanke om denne typen ordbruk. Elevane bør vidare få beskjed om kva type åtfærd og

språkbruk skulen reagerer på, kvifor språkbruken ikkje er akseptabel, og at gjenteke åtfærd fører til sanksjonar.

For å lese heile lærarrettleinga, sjå vedlegg 1

Etikk

Prosjektet er tilrådd av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Intervensjonen inneber fleire situasjonar og handlingar som fordrar ei etisk medvite innstilling. Det å gripe inn når elevar bruker ord og vendingar som for nokre elevar kan vere personleg ømtåleleg ("hore", "homo"), inneber ein fare for å krenke elevar. Samstundes er lærarar trena i nettopp det å takle slike potensielt delikate situasjonar, og me vurderer det ikkje som naudsynt med spesielle etiske prosedyrar. Når det gjeld spørjeskjema, gjeld òg at for mange kan emna oppfattast som nærgåande. Samstundes er spørsmåla og samanhengen dei inngår i, gjort så enkle og betryggande som mogleg, og me vurderer faren for å krenke elevar eller å gjere dei urolege, som svært liten. For lærarane sin del kan det òg tenkast situasjonar som dei opplever som nærgåande og vanskelege. Men heile intervensjonsstudien føregår i rammer av det å ha arbeid som lærar, og me vurderer difor dei etiske utfordringane vedrørande lærardeltakinga som svært små.

Atterhald om generalisering

Relativt få av skulane som vart inviterte til å delta i studien, valte å takke ja. Med ein svarprosent på berre 17% er det muleg at leiinga ved skulane som sa seg villige til å delta i prosjektet, skil seg frå skulane som takka nei til å delta og skulane som ikkje svarte. Det kan hende at skulane som deltok, har meir ressursar og tid til å drive denne type prosjekt, eller det kan hende at skulane som deltok, har meir problem med denne type kallenamn og såleis prioriterte å delta. Det kan òg hende at leiinga ved desse skulane var meir opptekne av problematikken dette prosjektet handlar om, og såleis valte å delta. Sidan det å svare på spørjeskjema var frivillig kan det hende at lærarane som valte å delta, skil seg frå lærarane

som ikkje valte å delta ved dei enkelte skulane. Vidare var det stor nedgang i talet på dei som svarte på oppfølgjarundersøkinga. Det kan tenkast at desse lærarane skil seg frå dei som valte å ikkje svare på oppfølgjarundersøkinga. Dette gjer at ein i denne undersøkinga må ta atterhald om generalisering.

Me bør nemne at det å rapportere om egen og andres atferd alltid inneberer usikkerheit om presisjon. All informasjon frå lærerne er basert på at spørsmåla fra vår side er relevante, tydelege og eintydige. Det er alltid eit spørsmål om dette er tilfelle. Det har ikkje kome kommentarar på at spørsmåla er uklare el.l, så me har en viss tillit til at dei har fungert.

Vidare må det nemnast at skulane relativt sett kom frå små geografiske område. Alle skulane som deltok, kom frå ein av dei to største byane i Noreg, eller i nær avstand frå desse byane. Det kan dermed vere muleg at funna frå studien ikkje i like stor grad kan generaliserast til dei resterande skulane i Noreg som har større avstand frå ein storby.

Prosedyrane for implementering av intervensjonen ved dei enkelte skulane varierte òg, og det er dermed muleg at effekten av intervensjonen varierer skulane imellom. Gjennomføringa av intervensjonen på skulane i kategori A, der ein presentasjon frå Skeiv Ungdom var planlagt, blei heller ikkje gjennomført som planlagt då representantane frå Skeiv Ungdom Bergen, grunna uførsette hendingar, berre var i stand til å gjennomføre fire av dei sju planlagde presentasjonane. Det at prosjektleiaren gjennomførte dei resterande presentasjonane, kan ha påverka resultatane frå lærarane ved desse skulane. Sidan medlemmane frå Skeiv Ungdom berre fekk ei avgrensa opplæring som vara ei helg, kan det òg vere at kvaliteten på ungdommane sine presentasjonar kan ha variert noko.

Vidare er studien i stor grad basert på lærarane sine rapportar og det er dermed muleg at både grunnlagsmålingane og dei rapporterte endringane i større grad er forankra i lærarane sine oppfatningar enn i dei reelle forholda ved skulane. Det er likevel verdt å nemne at ei gjennomføring av ein studie som brukar metodar utover lærarane og/eller elevane sine sjølvrapporterte opplevingar, ville vore betydeleg meir ressurskrevjande og vanskeleg å gjennomføre.

Resultat

I gjennomgangen av resultatata byrjar me med å presentere data om andelen lærarar som tidlegare har fått opplæring i tematikken me tek opp i denne undersøkinga og i kva grad skulane allereie har jobba for å førebyggje og handtere homo- og horerelaterte kallenamn. Me presenterer vidare observert bruk av homo- og horerelaterte kallenamn. Desse data er henta frå grunnlagsmålingane ved den fyrste datainnsamlinga blant lærarane.

I andre del legg me fram data som viser effekten av tiltaka for førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn. Utfallsvariablane som viser effekten av tiltaka er:

- Skulen sin policy og retningslinjer
- Tematikk teke opp i klassen
- Kompetanse
- Inngripen når ein elev kallar ein annan elev for homo- og horerelaterte kallenamn

I tillegg har me inkludert:

- Observert bruk av homo- og horerelaterte kallenamn

Frekvensen av kvar av desse utfallsvariablane ved grunnlagsmålinga vert fyrst presentert i ein tabell. Vidare presenterer me i kva grad utfallsvariablane har endra seg frå grunnlagsmålinga (før) til oppfølgjarundersøkinga (etter). Ei grafisk framstilling av kvar utfallsvariabel før og etter lærarretteiinga kan finnast i vedlegg 11. Desse data er henta frå den fyrste og andre datainnsamlinga blant lærarane.

Sidan ikkje alle lærarane var til stades då lærarretteiinga vart presentert skil me mellom lærarane ved intervensjonsskulane som var til stades på presentasjonen, og lærarane ved intervensjonsskulane som ikkje var til stades på presentasjonen. I grafane i vedlegg 11 vil ein òg kunne samanlikne utfallsvariablane blant dei to gruppene lærarar frå intervensjonsskulane med utfallsvariablane blant lærarane frå kontrollskulane.

I tredje del legg me fram data frå intervju med rektorane ved intervensjonsskulane om skulen si oppfølging av tiltaka på skulenivå. Me vil her presentere i kva grad skulane har lykkast med å ta opp førebygging og handtering av homo- og horerelaterte skjellsord i fellesskap, og i kva

grad skulane har lykkast med å introdusere ein policy mot bruken av homo- og horerelaterte skjellsord, og retningslinjer for korleis ein skal handtere homo- og horerelaterte skjellsord.

Grunnlagsmålinga

Opplæring frå grunn- eller vidareutdanning

Tabell 5 viser andelen lærarar som oppgjer at dei har fått opplæring i ulike tema i grunn- eller vidareutdanninga si. Medan majoriteten (79% - 80%) rapporterer at dei har fått opplæring om mobbing og førebygging og handtering av mobbing, oppgjer under halvparten av lærarane (19% - 40%) at dei har lært om kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering i grunn- eller vidareutdanninga. Endå færre (13% - 15%) oppgjer vidare at dei har lært om førebygging og handtering av ”homo” og ”hore” som skjellsord i grunn- eller vidareutdanninga si.

Tabell 5

Lærarar som rapporterer at dei har fått opplæring i ulike tema i grunn- eller vidareutdanning

	n	%
Mobbing	222	79
Kjønnsrelatert mobbing	108	38
Seksuell trakassering	114	40
Homofobisk erting	52	19
Førebygging av mobbing	223	80
Handtering av mobbing	207	74
Førebygging av elevars bruk av homo-relaterte skjellsord	40	14
Handtering av elevars bruk av homo-relaterte skjellsord	37	13
Førebygging av elevars bruk av hore-relaterte skjellsord	41	15
Handtering av elevars bruk av hore-relaterte skjellsord	41	15

Policy og retningslinjer

Tabell 6 viser korleis lærarane ved grunnlagsmålinga svara på spørsmål om skulen deira har ein skriftleg policy om nulltoleranse mot bruken av homo- og horerelaterte skjellsord, og i kva grad dei synast at slike policyar er/ville vore nødvendige. Vidare viser tabellen lærarane sine

svar på spørsmål om skulen dei arbeider ved, har retningslinjer for handtering av homo- og horerelaterte skjellsord.

Det var vesentleg fleire lærarar som rapporterte at skulane dei arbeider ved ikkje har policy om nulltoleranse, enn det var lærarar som rapporterte at slik policy var innført. Det var derimot betrakteleg fleire lærarar som meinte at slike policyar ville vore nødvendige, enn det var lærarar som meinte at slike policyar ikkje ville vore nødvendige. Lærarane rapporterte på same måte at det var betrakteleg færre skular som har skriftlige retningslinjer for handtering av homo- og horerelaterte skjellsord, enn skular som har slike retningslinjer. Det var òg betrakteleg fleire lærarar som meinte at slike retningslinjer ville vera nødvendige, enn det var lærarar som meinte at skriftlege retningslinjer ikkje ville vore nødvendige. (For endringar frå grunnlagsundersøkinga til oppfølgingundersøkinga, sjå Vedlegg 11.)

Kompetanse

Tabell 7 viser lærarane sin sjølvrapporterte kompetanse i å slå ned på homo- og horerelaterte skjellsord samt sjølvrapportert kompetanse i å kunne forklare elevane kvifor dei ikkje skal kalle nokon homorelaterte skjellsord

Majoriteten av lærarane rapporterte at dei kjenner seg kompetente til å slå ned på homo- og horerelaterte skjellsord, medan ein liten andel rapporterte at dette ikkje har vore aktuelt. Lærarane som rapporterte at det ikkje hadde vore aktuelt, vart ikkje tekne med i dei andre analysane. Majoriteten av lærarane rapporterer òg at dei kjenner seg kompetente til å forklare elevane kvifor dei ikkje skal bruke homonegative kallenamn ovanfor andre elevar. Den vesle andelen lærarar som rapporterte at dette ikkje hadde vore aktuelt, blei òg her utelate frå den neste analysen. (For endringar frå grunnlagsundersøkinga til oppfølgingsundersøkinga sjå Vedlegg 11.)

Tabell 6

Andel lærarar som har politiar og retningslinjer

Andel lærarar som har...	skriftleg policy om nulltoleranse mot bruken av homorelaterte skjellsord		skriftleg policy om nulltoleranse mot bruken av homorelaterte skjellsord		skriftleg policy om nulltoleranse mot bruken av homorelaterte skjellsord		skriftleg policy om nulltoleranse mot bruken av homorelaterte skjellsord	
	n	%	n	%	n	%	n	%
Har policy og synes det er nødvendig	45	17	50	18	37	14	38	14
Har policy men synes ikkje det er nødvendig	2	1	3	1	7	3	7	3
Har ikkje policy men synes det ville vere nødvendig	111	41	98	36	119	44	117	43
Har ikkje policy og synes ikkje det er nødvendig	33	12	37	14	44	16	45	16
Veit ikkje	82	30	86	31	66	24	67	25

Tabell 7

Lærarane sin sjølvrapporterte kompetanse i handtering av homo- og horerelaterte skjellsord

Sjølvrapportert kompetanse i å...	slå ned på bruken av homorelaterte skjellsord blant elevane		slå ned på bruken av horerelaterte skjellsord blant elevane		kunne forklare elevane kvifor dei ikkje skal kalle nokon homorelaterte kallenamn	
	n	%	n	%	n	%
Svært godt kompetent	50	18	49	18	56	21
Godt kompetent	171	62	177	63	164	60
Dårleg kompetent	35	13	35	13	41	15
Svært dårleg kompetent	8	3	5	2	3	1
Det har ikkje vore aktuelt	13	5	13	5	9	3

Tema teke opp i ein klassesstime

Tabell 8 viser kor ofte lærarane ved grunnlagsmålinga rapporterte at dei har teke opp tema som kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting, seksuell trakassering, bruken av homonegative skjellsord, bruken av horerelaterte skjellsord, konsekvensar av å kalle nokon homorelaterte ord som skjellsord, og konsekvensane av å kalle nokon horerelaterte ord som skjellsord, i løpet av ein skuletime det siste året.

Homorelaterte skjellsord var det temaet flest lærarar (57%) rapporterte å ha teke opp i ein skuletime i løpet av det siste året, medan seksuell trakassering var det temaet som var teke opp av færrest lærarar (47%) i løpet av det siste året (Dei resterande kategoriane låg mellom desse verdiane). For endringar frå grunnlagsundersøkinga til oppfølgingsundersøkinga, sjå Vedlegg 11.

Tabell 8

Førekost av utvalte tema teke opp i ein klassetime det siste året

	Kjønnsrelatert mobbing		Homofobisk ertering		Seksuell trakassering		Bruken av homonegative skjellsord		Bruken av homorelaterte skjellsord		Konsekvensane av å kalle nokon homorelaterte ord som skjellsord		Konsekvensane av å kalle nokon horerelaterte ord som skjellsord	
	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%
Månadleg eller oftare	24	9	16	6	14	6	15	6	12	5	10	4	10	4
Eit par gonger	76	30	65	26	70	28	86	34	83	33	73	29	74	29
Ein gong	39	15	47	19	37	15	42	17	40	16	40	16	40	16
Aldri	115	45	126	50	134	53	108	43	118	47	132	52	131	46

Å gripa inn når ein elev kallar ein annan elev for homo- og horerelaterte kallenamn

Tabell 9 viser kor ofte lærarane ved grunnlagsmålinga rapporterte at dei grip inn når dei høyrer ein elev kalle ein annan elev ”homo”, ”homse”, ”soper”, ”lesbe”, ”hore”, ”fytte”, eller ”bitch”.

Mellom 44% og 47% av lærarane rapporterer at dei grip inn kvar gong dei høyrer homo-relaterte kallenamn bli brukt og 46% til 55% rapporterer at dei grip in kvar gong dei høyrer ein elev bli kalla hore/bitch/fytte. Mellom 0% og 2% av lærarane rapporterer at dei aldri grip inn ved desse kallenamna. Mellom 7% og 20% av lærarane rapporterer at dei aldri har høyrte dei ulike orda bli brukt, og at det dermed ikkje har vore ei aktuell problemstilling. Desse blei tekne ut frå vidare analysar. (For endringar frå grunnlagsundersøkinga til oppfølgingsundersøkinga, sjå Vedlegg 11.)

Observert bruk av homo- og horerelaterte kallenamn blant elevane

Tabell 10 viser kor ofte lærarane rapporterer at dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar for ”homo”, ”homse”, ”lesbe” eller liknande ord det siste året, kor ofte dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar dette som skjellsord, på ein venskapleg måte, og kor ofte lærarane seier dei har høyrte elevar mobbe ein eller fleire elevar ved å kalle dei desse orda.

I underkant av halvparten av alle lærarane (48%) rapporterte at dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar for ”homo”, ”homse”, ”lesbe” eller liknande ord månadleg eller oftare det siste året, medan ein tredjedel (35%) rapporterer at dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar dette som skjellsord månadleg eller oftare. Ein av fem (20%) rapporterer vidare at dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar for ”homo”, ”homse”, ”lesbe” eller liknande ord på ein vennskapeleg måte månadleg eller oftare, medan omtrent like mange lærarar (19%) rapporterer at dei har høyrte elevar mobbe ein eller fleire elevar ved å kalle dei ”homo”, ”homse”, ”soper”, ”lesbe” eller liknande ord månadleg eller oftare det siste året. (For endringar frå grunnlagsundersøkinga til oppfølgingsundersøkinga, sjå Vedlegg 11.)

Tabell 9

Førekomst av at lærar grip inn når ein elev kallar ein annan elev ulike kallenamn

Førekomst av inngripen når ein lærar høyrer ein elev kalle ein annan elev for...	«homo»		«homse»		«soper»		«lesbe»		«hore»		«fitte»		«bitch»	
	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%
Kvar gong det skjer	130	47	128	47	121	44	120	44	149	54	150	55	125	46
Som oftast når det skjer	98	35	100	36	81	30	88	32	85	31	80	29	85	31
Av og til når det skjer	28	10	26	10	17	6	17	6	17	6	12	4	31	11
Aldri når det skjer	1	0	1	0	0	0	0	0	2	1	0	0	6	2
Det har ikkje skjedd	20	7	20	7	56	20	47	17	24	9	33	12	26	10

Tabell 10

Førekost av observasjonar av at elevar har kalla ein eller fleire elevar for "homo", "homse", "homse", "lesbe" eller liknande ord det siste året

	Høyrte ordbrukt		Høyrte ord som skjellsord		Høyrte ord på venskapleg måte		Høyrte ord som mobbing	
	n	%	n	%	n	%	n	%
Det har ikkje skjedd det siste året	20	7	46	17	139	50	108	39
Berre ein sjeldan gong	126	45	138	50	85	31	116	42
Månadleg	42	15	33	12	20	7	17	6
2 eller 3 gonger i månaden	39	14	28	10	19	7	18	7
Omtrent 1 gong i veka	27	10	18	7	7	3	12	4
Fleire gonger i veka	26	9	16	6	8	3	6	2

Observert bruk av horerelaterte kallenamn blant elevane

Tabell 11 viser kor ofte lærarane rapporterer at dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar for "hore" eller liknande ord, kor ofte dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar dette på ein venskapleg måte, og kor ofte lærarane seier dei har høyrte elevar mobbe ein eller fleire elevar ved å kalle dei desse orda.

Om lag ein fjerdedel av lærarane (27%) rapporterer at dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar for "hore" eller liknande ord månadleg eller oftare det siste året, medan ein av ti (10%) rapportere at dei hadde høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar dette på ein vennskapeleg måte månadleg eller oftare det siste året. På spørsmål om lærarane hadde høyrte elevar mobbe ein eller fleire elevar ved å kalle dei "hore" eller liknande ord, var det 13% av lærarane som svara at dei hadde høyrte dette månadleg eller oftare.

Frå lærarane sine sjølvrapporterte observasjonar av elevane sin ordbruk, ser det ut til at elevane bruker homorelaterte kallenamn oftare enn horerelaterte kallenamn når lærarane er til stades. Kva dette kan skyldast vil me ikkje kunne gå nærare inn på her. (For endringar frå grunnlagsundersøkinga til oppfølgingsundersøkinga, sjå Vedlegg 11.)

Tabell 11

Førekost av observasjonar av at elevar har kalla ein eller fleire elevar for "hore" eller liknande ord det siste året

	Høyrte ordbruken		Høyrte brukt på venskapleg måte		Høyrte brukt som mobbing	
	n	%	n	%	n	%
Det har ikkje skjedd det siste året	56	20	167	60	116	42
Berre ein sjeldan gong	150	54	83	30	126	46
Månedleg	28	10	14	5	13	5
2 eller 3 gonger i månaden	27	10	5	2	16	6
Omtrent 1 gong i veka	11	4	5	2	3	1
Fleire gonger i veka	7	3	4	1	3	1

Effekten av tiltaka for førebygging og handtering av homo- og horerelaterte kallenamn

Lærarane som var til stades på presentasjonen

Intervensjonen såg ut til å ha ein ønskje effekt på nokre område. Blant lærarane som var til stades på presentasjonen, var det ein større andel lærarar som rapporterte at skulen deira har ein policy om nulltoleranse mot homo- og horerelaterte skjellsord (statistisk signifikant)¹ og ein større andel som rapporterte at dei grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev for ”soper” og ”lesbe” etter dei hadde delteke i intervensjonen, samanlikna med før dei fekk tiltaka presentert (statistisk signifikant) (Sjå tabell 12). Det var òg ein større andel lærarar som sa at skulen deira har retningslinjer for korleis handtere homo- og horerelaterte skjellsord etter intervensjonen enn før intervensjonen. Vidare var det ein større andel lærarar som sa at dei har teke opp kjønnsrelatert mobbing, og konsekvensane av å kalle nokon homorelaterte skjellsord, som tema i ein klassesstime det siste året ved oppføljarundersøkinga samanlikna med grunnlagsmålinga.

På motsett side var det ikkje fleire av lærarane som var til stades på presentasjonen, som rapporterte at dei hadde auka kompetanse i å slå ned på homo- og horerelaterte skjellsord, eller auka kompetanse i å forklare elvane kvifor dei ikkje skal kalle nokon homo-relaterte kallenamn. Ved oppføljarundersøkinga var det heller ikkje fleire av desse lærarane som rapporterte at dei hadde teke opp tema som homofobisk erting, seksuell trakassering, bruken av homo- og horerelaterte skjellsord, eller konsekvensar av å kalle nokon horerelaterte skjellsord. Det var heller ikkje fleire av lærarane som var til stades på presentasjonen som rapporterte å ha gripe inn kvar gong ein elev kalla ein annan elev for ”homo”, ”homse”, ”hore”, ”fitte” og ”bitch”. Blant lærarane som var til stades på presentasjonen, var det det same antal lærarar som rapporterte at dei hadde høyrte elevar kalle kvarandre homo- eller horerelaterte kallenamn ved oppføljarundersøkinga, samanlikna med grunnlagsmålinga.

¹ Når me i drøftinga av funna refererer til observerte endringar eller forskjellar, refererer me til funna som viser at det var ein statistisk signifikant forskjell på korleis lærarane svara på spørsmåla ved grunnlagsmålinga og oppføljarundersøkinga, eller til funna som viser at det var minimum 20% lærarar som svara annleis på oppføljarundersøkinga, samanlikna med grunnlagsmålinga.

Tabell 12

Endring frå grunnlagsmålinga til oppfølgjarmålinga (1 av 2)

	Til stade på presentasjonen			Ikkje til stade på presentasjonen			Kontrollskuler		
	%	n	p (Mc Nemar test)	%	n	p (Mc Nemar test)	%	n	p (Mc Nemar test)
Har skriftleg policy mot homorelaterte skjellsord	+ 29	19	.02	+ 7	20	.50	+ 9	21	1.00
Syns det er viktig med skriftleg policy mot homorelaterte skjellsord	- 11	19	1.00	+ 1	20	1.00	+ 7	21	1.00
Har skriftleg policy mot horereaterte skjellsord	+ 32	20	.01	+ 7	20	.25	+11	22	.69
Syns det er viktig med skriftleg policy mot horerelaterte skjellsord	- 7	20	1.00	+ 3	20	1.00	+ 10	22	.63
Har retningslinjer for korleis handtere homorelaterte skjellsord	+ 21	28	.29	+ 10	21	.25	- 8	25	.63
Syns det er viktig med retningslinjer for korleis handtere homorelaterte skjellsord	+ 4	28	1.00	+ 14	21	1.00	- 4	25	1.00
Har retningslinjer for korleis handtere horerelaterte skjellsord	+ 26	27	.07	+ 4	22	1.00	-10	23	.25
Syns det er viktig med retningslinjer for korleis handtere horerelaterte skjellsord	+ 7	27	1.00	+ 11	22	1.00	- 3	23	1.00
Kjenner seg kompetente til å slå ned på homorelaterte kallenamn	+ 3	36	1.00	+ 6	35	1.00	+ 4	34	1.00
Kjenner seg kompetente til å slå ned på horerelaterte kallenamn	0	26	1.00	- 3	26	1.00	+ 11	25	.69
Kjenner seg kompetent til å forklare elevane kvifor dei ikkje skal bruke homorelaterte skjellsord	+ 3	31	.38	- 6	32	.22	+ 8	33	.25
Har teke opp kjønnsrelatert mobbing som tema i ein klasstime det siste året	+ 21	32	.09	+ 5	30	.75	+ 4	35	1.00
Har teke opp homofobisk erting som tema i ein klasstime det siste året	+ 11	31	.58	+ 2	30	1.00	+ 3	35	1.00
Har teke opp seksuell trakassering som tema i ein klasstime det siste året	0	32	1.00	+ 14	30	.34	+ 14	35	.18
Har teke opp homonegative skjellsord som tema i ein klasstime det siste året	+ 13	31	.39	+ 13	30	.34	0	35	1.00
Har teke opp horerelaterte skjellsord som tema i ein klasstime det siste året	+ 5	32	.77	+ 8	30	.51	- 2	35	1.00
Har teke opp konsekvensane av å kalle nokon for homonegative skjellsord som tema siste året	+ 21	32	.09	+ 18	30	.26	+ 5	35	1.00
Har teke opp konsekvensane av å kalle nokon horerelaterte skjellsord som tema siste året	+ 18	35	.18	+ 15	30	.29	0	35	1.00

Tabell 12

Endring frå grunnlagsmålinga til oppfølgjarmålinga (1 av 2)

	Til stade på presentasjonen			Ikkje til stade på presentasjonen			Kontrollskuler		
	%	n	p (Mc Nemar test)	%	n	p (Mc Nemar test)	%	n	p (Mc Nemar test)
Grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev "Homo"	+ 14	33	.22	+ 3	28	.77	- 4	32	1.00
Grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev "Homse"	+ 13	33	.22	+ 11	27	.55	+ 1	31	.73
Grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev "Soper"	+ 21	24	.03	+ 3	22	1.00	- 4	24	1.00
Grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev "Lesbe"	+ 21	26	.03	+ 9	23	1.00	- 1	24	1.00
Grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev "Hore"	+ 13	33	.29	+ 1	27	1.00	+ 11	31	.38
Grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev "Fitte"	+ 16	31	.06	- 3	26	1.00	+ 7	28	.63
Grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev "Bitch"	+ 7	31	.38	+ 6	25	.77	+ 5	29	.69
Høyrte elevar kalle ein annan elev "homo", "homse", "lesbe" el månadleg eller oftare	- 19	36	.07	- 24	30	.04	+ 3	35	1.00
Høyrte elevar kalle ein annan elev "hore" el månadleg eller oftare	+ 14	36	.27	- 24	30	.01	+ 2	34	1.00

Lærarane som ikkje var til stades på presentasjonen

Blant lærarane som ikkje var til stades på presentasjonen ved intervensjonsskulane var det ein mindre andel lærarar som rapporterte at dei hadde høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar homo- og horerelaterte kallenamn månadleg eller oftare, ved oppfølgjarundersøkinga samanlikna med grunnlagsmålinga (statistisk signifikant).

Det var derimot ingen endring i andel lærarar som ikkje var til stades på presentasjonen, som rapporterte at dei hadde policy og retningslinjer mot homo- og horerelaterte skjellsord, eller som rapporterte at dei hadde teke opp tema knytt til homo- og horerelaterte skjellsord i ein klassesstime det siste året. Det var vidare heller ingen endring i andel av lærarane som rapporterte at dei hadde gripe inn kvar gong dei høyrte ein elev kalle ein annan elev for "homo", "homse", "soper", "lesbe", "hore", "fitte" eller "bitch".

Lærarane frå kontrollskulane

Blant lærarane frå kontrollskulane var det ingen (statistisk signifikante) forskjellar på korleis lærarane svara ved grunnlagsmålinga samanlikna med oppfølgjarundersøkinga på spørsmål om dei har høyrte homo- og horerelaterte kallenamn månadleg eller oftare. Det var vidare ikkje fleire som rapporterte at dei har skulepolicyar og retningslinjer knytt til homo- og horerelaterte kallenamn, at dei grip inn ved homo- og horerelaterte skjellsord kvar gong det skjer, at dei har teke opp tema knytt til homo- og horerelaterte skjellsord i ein klassesstime det siste året, eller at dei syns dei har kompetanse på dette temaet etter dei hadde delteke i undersøkinga.

Diskusjon

Opplæring frå grunn- eller vidareutdanning

Berre ein liten del av lærarane i undersøkinga oppgav at dei i grunn- eller vidareutdanning hadde fått opplæring i tema som seinare vart introdusert på intervensjonsskulane. Dei fleste hadde derimot fått opplæring i tema som har med mobbing å gjere. Sidan bruken av homo- og horerelaterte kallenamn ser ut til å vere utbreidd blant elevane i ungdomsskulen, kunne det vore ein fordel om lærarutdanningane tok opp tema som kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting, seksuell trakassering og førebygging og handtering av elevs bruk av homo- og horerelaterte kallenamn som ein obligatorisk del av undervisninga. Denne tematikken kunne til døme blitt integrert som ein del av mobbeundervisninga som lærarane får.

Policy og retningslinjer

Som ein følgje av å delta i intervensjonsstudien kan det sjå ut til at lærarane som var til stades ved presentasjonen, sjølv introduserte ein policy om nulltoleranse mot homo- og horerelaterte kallenamn, og retningslinjer for korleis handtere homo- og horerelaterte kallenamn. Blant lærarane som var til stades på presentasjonen, men ikkje blant lærarane som ikkje var til stades på presentasjonen, var det ein auka andel lærarar som rapporterte at skulen deira har slike policyar og retningslinjer ved oppføljarundersøkinga². Sidan etablering av policyar og retningslinjer skjer på skulenivå kunne ein forvente at lærarane som var til stades på presentasjonen, og lærarane som ikkje var til stades på presentasjonen, ved dei same intervensjonsskulane skulle rapportere like erfaringar med omsyn til om skulen deira har policyar og retningslinjer eller ikkje. Det fann me ikkje i denne studien. Det kan såleis hende at dei observerte endringane til dels var eit resultat av lærarane sine *bevisstgjerings* kring skulen sine policyar og retningslinjer. Ei forklaring til desse funna kan vere at endringane

² Når me i drøftinga av funna refererer til observerte endringar eller forskjellar, refererer me til funna som viser at det var ein statistisk signifikant forskjell på korleis lærarane svara på spørsmåla ved grunnlagsmålinga og oppføljarundersøkinga, eller til funna som viser at det var minimum 20% lærarar som svara annleis på oppføljarundersøkinga, samanlikna med grunnlagsmålinga.

blant intervensjonsskulane kan skuldast at nokre intervensjonsskular introduserte policyar og retningslinjer etter at tiltaka vart presentert ved skulane, men at det berre var lærarane som var til stades på presentasjonen som registrerte dette. Dei auka endringane kan òg skyldast at ein større andel lærarar som var til stades på presentasjonen, gjorde seg kjende med kva policyar og retningslinjer skulane allereie hadde frå før, utan at det var fleire skular som faktisk introduserte policyar og retningslinjer.

Med tanke på at ein større andel lærarar som var til stades på presentasjonen rapporterte at dei hadde policyar og retningslinjer etter intervensjonen enn før intervensjonen, kunne ein kanskje vente seg at det òg var ein større andel lærarar som meinte det er nødvendig med slike policyar og retningslinjer. Det me deirmot fann i denne undersøkinga var at ein like høg andel lærarar meinte det var nødvendig med slike policyar og retningslinjer i etterkant av intervensjonen, som før tiltaka vart introduserte for lærarane. Moglege grunnar til dette kan vere at skuleleiinga som sa ja til å delta i denne undersøkinga, meinte det var viktigare å introdusere policyar og retningslinjer, enn det lærarane ved skulane syns det var.

Kompetanse

Lærarane som deltok i intervensjonsstudien, ser ikkje ut til å synast at dei har fått meir kompetanse i å slå ned på homo- og horerelaterte kallenamn, eller kompetanse i å kunne forklare elevane kvifor dei ikkje skal kalle nokon homonegative skjellsord som ein følgje av å delta i intervensjonsstudien. I utgangspunktet, før skulen deltok i intervensjonsstudien, var det ein høg andel lærarar som rapporterte at dei hadde kompetanse kring dette temaet. Ein såkalla "tak-effekt" kan såleis vere ein av årsakane til at dei introduserte tiltaka ikkje førte til auka sjølvrapportert kompetanse blant lærarane. Andre årsakar kan vere at dei introduserte tiltaka ikkje vart fylgt opp av lærarane, at tiltaka ikkje var omfattande nok, eller at tiltaka ikkje tilførde lærarane kunnskap dei ikkje hadde frå før.

Tema teke opp i ein klassetime

Som ei følgje av å delta i intervensjonsstudien kan det sjå ut til at fleire av lærarane som var til stades på presentasjonen tok opp temaet kjønnsrelatert mobbing og konsekvensar av å kalle

nokon homo- relaterte skjellsord som tema i ein klasstime. Deltakinga i intervensjonsstudien såg derimot ikkje ut til å ha fått lærarane til å ta opp homofobisk erting, seksuell trakassering, bruken av homo- og horerelaterte kallenamn, eller konsekvensane av å kalle nokon horerelaterte kallenamn i like stor grad. Blant lærarane ved skulane som deltok i intervensjonsstudien, men som sjølv ikkje var til stades på presentasjonen, var det ikkje ein betydeleg andel fleire lærarar som rapporterte at dei hadde teke opp nokre av desse tema i ein klasstime etter at skulen samla sett hadde vore med i undersøkinga. Dette kan tyde på at skulane som deltok i intervensjonen, ikkje gjekk inn for ein samla strategi om å ta opp tema knytt til homo- og horerelaterte kallenamn ved skulane. I staden var det naudsynt at lærarane hadde vore til stades på presentasjonen for at fleire skulle ta opp kjønnsrelatert mobbing og konsekvensane av å kalle nokon homorelaterte skjellsord som tema i ein klasstime. Nett kvifor lærarane valte å ta opp desse tema, og ikkje bruken av horerelaterte skjellsord til dømes, veit me ikkje. Blant lærarane frå kontrollskulane var det inga endring i andelen lærarar som tok opp tema skildra ovanfor i ein klasstime. Samla sett var det ein større andel lærarar frå intervensjonsskulane som var til stades på presentasjonen enn lærarar som ikkje var til stades, som sa at dei hadde teke opp temaet kjønnsrelatert mobbing og konsekvensar av å kalle nokon homorelaterte kallenamn. Difor er det grunn til å tru at deltaking i intervensjonen kan ha ført til at fleire lærarar tok opp desse tema i ein klasstime som eit resultat av deltakinga i intervensjonen.

Å gripa inn når ein elev kallar ein annan elev for homo- og horerelaterte kallenamn

Deltaking i intervensjonsstudien ser ut til å ha fått fleire lærarar som var til stades på presentasjonen til å gripe inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev for "soper" eller "lesbe", men ikkje når dei høyrer ein elev kalle ein annan elev for "homo", "homse", "hore", "fitte" eller "bitch". Etter å ha blitt presenterte for tiltaka var fleire av lærarane med andre ord klare for å gripe inn kvar gong dei høyrer nokre (men ikkje alle) dei oppgjevne homorelaterte kallenamna, men ikkje når dei høyrer horerelaterte kallenamn. Grunnen til at det er fleire lærarar som seier at dei grip inn kvar gong dei høyrer ein elev kalle ein annan elev for "soper" eller "lesbe" men ikkje dei andre kallenamna kan tyde på at fleire lærarar ser på desse orda som meir uønska enn dei andre kallenamna etter dei hadde blitt med i intervensjonen. Blant lærarane som ikkje var til stades på presentasjonen ved

intervensjonsskulane, var det inga endring i andelen lærarar som sa dei grip inn kvar gong dei høyrer homo- og horerelaterte kallenamn. Dette kan tyde på at intervensjonsskulane etter deltakinga i intervensjonen ikkje gjekk samla inn for at alle lærarane skulle slå ned på homo- og horerelaterte kallenamn. Sidan det berre var lærarane som var til stades på presentasjonen, som var meir klare for å slå ned på homorelaterte kallenamn, kan det sjå ut til at den auka inngripen ved homorelaterte kallenamna kan skuldast sjølve introduseringa av lærarrettleiinga.

Observert bruk av homo- og horerelaterte kallenamn blant elevane

Det var ein nedgang i andelen lærarar som rapporterte at dei har høyrte elevar kalle ein eller fleire elevar for homo- og horerelaterte kallenamn månadleg eller oftare blant lærarane som *ikkje* var til stades då tiltaka vart presenterte ved intervensjonsskulane, medan det ikkje var ein reduksjon i rapportert overhøyrte ordbruk blant lærarar som var til stades då tiltaka vart presenterte og blant lærarane ved kontrollskulane. Dette kan ha fleire årsaker. Ei årsak kan vere at elevane ved intervensjonsskulane brukte desse kallenamna sjeldnare som eit resultat av skulen si samla deltaking i intervensjonen. Ei anna årsak kan vere at lærarane ved intervensjonsskulane samla sett vart flinkare til å slå ned på denne type skjellsord som eit resultat av deltaking i intervensjonen. Dersom deltaking i intervensjonen skulle føre til redusert homo- og horerelaterte skjellsord kunne ein derimot forvente å finne same redusert førekomst i observerte ordbruk blant lærarane som var til stades på presentasjonen. Sidan dette ikkje vart funne i denne studien kan det tenkast at lærarane som var til stades på presentasjonen, vart gjort meir observante på ordbruken, og i større grad fanga opp når ein elev kalla ein annan elev for homo- og horerelaterte kallenamn. Det er såleis mogleg at ein eventuell reduksjon i bruken av homo- og horerelaterte kallenamn ikkje vart registrert i like stor grad blant denne gruppa lærarar, - fordi dei i større grad oppdaga og registrerte denne orbruken etter intervensjonen.

Det er viktig å merke seg at årsakene me peikar på berre er spekulasjonar, og at me ikkje har høve til å finne årsakene til endring i andel lærarar som observerte homo- og horerelaterte kallenamn etter deltaking i intervensjonsstudien. Tidlegare studiar med andre tema viser at mindre omfattande intervensjonsstudiar slik som denne, normalt ikkje fører til åtferdsendingar.

Vidare er det viktig å merke seg at resultatene ovanfor berre speglar lærarane sine *observasjonar* av elevane sin bruk av homo- og horerelaterte kallenamn, og at dei ikkje fortel kor ofte elevane i realiteten brukar desse kallenamna. Det kan tenkast at lærarane som var til stades på presentasjonen, vart noko meir observante på homo- og horerelatert ordbruk som følgje av deltaking i intervensjonsstudien. Følgjeleg kan det hende at lærarane i større grad fanga opp og registrerte nokre av dei homorelaterte skjellsorda når elevane brukte dei ved oppføljarundersøkinga, enn lærarane som ikkje var til stades på presentasjonen og lærarane frå kontrollskulane.

INTERVJU MED REKTORANE

Mål

Målet med intervjuet var å kartleggje i kva grad rektorane har implementert tiltaka på skulenivå, og vidare kartlegge erfaringane deira med skulen si oppfølging av tiltaka. Viktige spørsmål er korleis rektorane opplevde implementeringa av dei enkelte tiltaka på skulenivå ved deira skule.

Rekruttering

I mai 2010 vart dei 11 rektorane ved intervensjonsskulane sendt ein førespurnad om deltaking i eit telefonintervju (sjå vedlegg 12), og vart kort tid etter oppringt av prosjektleiar. Ein av skulane vart ikkje oppringt fordi det ikkje var rektor som var kontaktperson for intervensjonsstudien. Ni skular sa ja til å delta, medan totalt åtte av rektorane (inkludert ein inspektør) enda opp med å delta på eit 10 til 30 min. langt telefonintervju i juni 2010 (Sjå vedlegg 13 for intervjuguide). Telefonsamtalane vart teke opp på lydband, transkriberte, og makulerte ved prosjektslutt.

Resultat

Førebygging og handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord teke opp i fellesskap

Blant dei åtte rektorane som vart intervjuet, var det berre ein av rektorane som rapporterte at lærarane hadde teke opp temaet førebygging og handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord i plenum. Fleire av rektorane som sa at dei ikkje hadde teke opp dette temaet, meinte at homonegative og horerelaterte skjellsord inngjekk som ein del av det totale bilete på

alt som har med mobbing å gjere, og at det vart teke opp som ein del av deira generelle mobbeprogram eller deira arbeid mot mobbing utan at homonegative og horerelaterte skjellsord vart eksplisitt nemnt. Fordi skulane allereie indirekte jobba med tematikken meinte fleire av rektorane at det ikkje var naudsynt å sette førebygging og handtering av homo- og horerelaterte skjellsord på agendaen som eige tema. Nokre rektorar meinte òg at det ikkje var nødvendig å ta opp homo- og horerelaterte skjellsord som eit eige tema fordi skulane hadde nulltoleranse mot all type mobbing:

”Me tek opp mobbing på eit sånn generelt grunnlag eigentleg. At me har på ein måte nulltoleranse i forhold til all mobbing, uansett kva det måtte vere, om det er å kalle kvarandre homo, kalle kvarandre for jøde, kalle kvarandre hore og så vidare. Alle desse type ting. Altså alle desse type skjellsord vert slått ned på, eller skal bli slått ned på i alle fall.”

Fleire rektorar rapporterte at homonegative og horerelaterte skjellsord berre utgjorde ein del av fleire problemstillingar som finst i skulane, og at dei difor ikkje ville ta opp denne språkbruken som eige tema. Dei meinte at andre problemstillingar og andre prosjekt som skulane var involverte i, utkonkurrerte førebygging og handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord som meir aktuelle tema å bruke tid på.

”Nei, det er nok rett og slett kampen om alle dei gode tinga me skal ta opp. Så har det ikkje vore.. det har heller ikkje blitt etterspurt som eit eige tema. Det er jo lærarane som er med å styre kva tema ønskjer me å ta opp (...) altså det har ikkje vore eit sånt spesielt satsningsområde hjå oss, og det er heller ikkje blitt teke opp som eit særskilt tema”

Nokre lærarar meinte at grunnen til at førebygging og handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord ikkje vart teke opp, var manglande tid og ressursar. Ein rektor uttala at han trudde implementeringa av tiltaka ville blitt betre dersom lærarane hadde teke opp dette temaet i fellesskap. Ein annan rektor uttala at dersom deira skule skulle ta opp dette temaet i plenum, var det naudsynt å få meir rettleiing om tematikken, og at det var naudsynt at nokon med kompetanse på området deltok på ein planleggingsdag. Blant andre rektorar vart homo- og horerelaterte skjellsord derimot ikkje sett på som aktuelt nok til å ta opp som eit særskilt tema i fellesskap blant lærarane. Ein rektor uttala at homonegative og horerelaterte skjellsord ikkje vart teke opp i fellesskap på deira skule fordi det ikkje var utbreidd eller sett på som problematisk.

Policy mot bruken av homonegative og horerelaterte skjellsord

I følge dei åtte rektorane som vart intervjuet, var det ingen av skulane som hadde ein skriftleg policy om nulltoleranse mot bruken av homonegative eller horerelaterte skjellsord. Fleire av desse skulane nemnte derimot at dei hadde ein munnleg policy om ein slik nulltoleranse som lærarane var innforstått med. På nokre av skulane var det blitt diskutert kva ord ein ikkje bør bruke.

Seks av dei åtte rektorane sa at skulen deira har ein handlingsplan mot mobbing utan at dei har inkludert nulltoleranse mot homonegative og horerelaterte skjellsord som ein del av handlingsplanen. Nokre av rektorane meinte at ein slik nulltoleranse likevel er innforstått, i og med at det i handlingsplanen mot mobbing er nulltoleranse mot all type mobbing. Andre rektorar sa dei ikkje ville nemne homonegative og horerelaterte skjellsord spesifikt, blant anna fordi det kan vere stigmatiserande:

”Me har valt å ikkje sile ut spesielle område eller tema i forhold til mobbing. Me opplever bruk av slike ord som mobbing og aksepterer det ikkje. Me har nulltoleranse på det”.

I staden for å ha ein policy om nulltoleranse som særskilt rettar seg mot homonegative og horerelaterte skjellsord, uttalte ein rektor at han heller ønska seg ein meir generell policy som går på banning og all type språkbruk som er krenkande og nedsettande. Om å særskilt rette seg mot homonegative og horerelaterte skjellsord seier denne rektoren;

”Eg tenker det er unaturleg, for det at det er mange ord som òg då burde kome opp. Og dersom dei byrjar å nemne dei orda som ikkje skal brukast, så kan me kome i ei luk i det augeblikket det er nokon me har utelete. (...) Så då går det jo meir på haldningsplanet med omsyn til å bevisstgjere både lærarar og elevar på kva det er som er krenkande og nedsettande”

Nokre rektorar syns det er problematisk å ha ein policy som spesifiserer kva type ord det ikkje er lov å bruke, fordi det då ville vore endå fleire ord enn homonegative og horerelaterte skjellsord som det ville vore naudsynt å inkludere:

”... for det er jo mange type ord og uttrykk som kan vere krenkande”

Ein av rektorane rapporterer såleis at skulen deira då berre slår fast i handlingsplanen mot mobbing at det ikkje er lov å bruke trakasserande ord, utan å oppgje ei liste over orda det ikkje er lov å bruke.

Andre rektorar etterlyste derimot ein skriftleg policy om nulltoleranse mot bruken av homonegative og horerelaterte skjellsord, og meinte skulen ville vere tent med å ha ein slik policy. Ein av rektorane fortalte at han hadde forsøkt å formulere ein slik policy i eit utkast til eit nytt åtferd- og ordensreglement, men at han fekk tilbakemelding frå dei andre tilsette om at teksten var for lang. I staden for å spesifikt nemne rasisme og homohets ville dei andre tilsette at det berre skulle stå at mobbing er forbode.

Retningslinjer/ (policy) for korleis handtere homonegative og horerelaterte skjellsord

Berre ein av dei åtte rektorane som vart intervjuja, fortel at skulen deira har retningslinjer for korleis handtere homonegative og horerelaterte skjellsord. Rektoren på skulen som har slike retningslinjer, fortel at lærarane snakkar mykje om det å slå ned på homonegative og horerelaterte skjellsord, og er veldig opptekne av det. På grunn av at elevane bruker ein del slike ord, er handtering av homonegative og horerelaterte skjellsord innarbeida som ein viktig del av mobbearbeidet på skulen.

Rektorane ved skulane som ikkje har innarbeida retningslinjer som eksplisitt nemner homonegative og horerelaterte skjellsord, meinte likevel at dei hadde rutinar eller planar som omfatta handtering av slike skjellsord, sjølv om dei ikkje var eksplisitt formulerte skriftleg. Fleire rektorar fortel at skulane deira har skriftlege handlingsplanar for korleis dei skal handtere mobbing, og at dei handterer homonegative og horerelaterte skjellsord som ei anna mobbesak. Ein av rektorane fortel at skulen har ein konsekvensplan for korleis handtere bruken av skjellsord, og at desse retningslinjene inkluderer alle typar skjellsord. Ein annan rektor fortel at skulen deira har retningslinjer og rutiner for korleis handtere mobbeprobem, og at skulen er sertifisert til å følge opp slike saker. Ein tredje rektor fortel at skulen har eit skriftleg ordensreglement der det står at elevane ikkje har lov til å ha nedsettande omtale av

andre. Sjølv om rektorane ikkje eksplisitt nemner homonegative og horerelaterte skjellsord, ser dei ut til å meine at det er slik skulen handterer bruken av desse skjellsorda.

Sjølv om fleire rektorar ser på det som sjølv sagt å reagere på homonegative skjellsord, nemnte eit par av desse at dei ser på det som problematisk å reagere på skjellsorda på ein særskilt måte, fordi dei gjerne vert tolka ulikt av elevane:

”Det som er eit dilemma, det er jo det at desse uttrykka, dei tolkast på ulike måter. Sant? Det er dei sikkert som tek dette her veldig tungt, og er såre og sånne ting, og så er det dei som ikkje tek dette her tungt fordi dei tolker det her som ein del av ungdomskulturen, og så slenge dritt om kvarandre, sant? Og så er det ikkje vont meint. Så utfordringa for oss, det er jo å skulera ungdommen på ein slike måte at dei er litt meir bevisst på korleis formulere seg til kvarandre. Og bevisst på det at dei uttrykka dei slenger ut, dei kan opplevast og tolkast på ulike måtar, og derfor skal dei opptre ytterst varsamt. Sant? Det.. sånn sett så burde me sett i ettertid jobba endå meir med tematikkjen, korleis me snakkar med kvarandre.”

Ein annan rektor fortel om liknande tolkingar:

”For som oftast så kjem det jo fram at jo det var jo ikkje sånn meint. (...). For dei er ganske.. altså.. det sit laust å bruke dei orda for ein del av desse i den aldersgruppa utan at dei legg så mykje i det, den avsendaren. Men det er klart at mottakaren oppfattar det likevel ubehageleg. Og difor så vert det ikkje tolerert. Men det er veldig rart, for same menneske vil som mottakar i den alderen oppleve det krenkande å få det, men dei kan i neste omgang snu seg og sende det vidare til ein annan ein. Så det er noko merkeleg der i forhold til språkbruken på akkurat desse orda i denne omgangskulturen.

Ein rektor fortel at i den grad bruken av homonegative og horerelaterte skjellsord vert definert som mobbing, så har skulen retningslinjer for korleis reagere, handtere og gå fram. Han fortel òg at skulen likevel berre har ei munnleg forståing av korleis skulen skal slå ned på desse skjellsorda, og rektor meiner difor at retningslinjene gjerne kunne eksplisitt nemnt homonegative og horerelaterte skjellsord slik at det kom klarare fram at skulen skal slå ned på skjellsorda. Ein annan rektor etterlyser slike retningslinjer, slik at det kan sikre at *alle* lærarane reagerer på ordbruken.

KONKLUSJON

Denne studien viser at ein liten og lite ressurskrevjande intervensjon kan bidra til å førebygge og handtere homorelaterte kallenamn i ungdomsskulen. Lærarane som vart introduserte for ein enkelt timelang presentasjon om tiltak for korleis førebyggje og handtere homo- og horerelaterte skjellsord i større grad greip inn når dei høyrte ein elev kalle ein annan elev homorelaterte skjellsord. Vidare var det òg fleire lærarar som tok opp konsekvensane av å kalle nokon homorelaterte skjellsord. Det same gjaldt ikkje horerelaterte skjellsord. Intervensjonen førte derimot ikkje til at lærarane meinte dei fekk auka kompetanse kring denne tematikken. Blant lærarane som deltok i intervensjonen var det ein større andel som rapporterte at skulen deira har ein policy om nulltoleranse mot homo- og horerelaterte skjellsord. Dersom me samanliknar lærarane sine svar på spørjeskjema med intervju med rektorane, kan det sjå ut som at lærarane sine erfaringar skil seg frå rektorane sine erfaringar, ved at ein høgare andel lærarar rapporterer at skulen deira har policyar og retningslinjer retta mot homo- og horerelaterte skjellsord enn det rektorane gjer.

